

Møteinnkalling

Utval:	Opplærings- og helseutvalet
Møtestad:	Sunnhordland, 4.etg.,
Dato:	08.04.2014
Tid:	10:00

Program:

- Kl. 10.00: Orientering frå seksjonsleiar fagopplæring Torbjørn Mjelstad.
Tema: Oppfølging av Deloitte-revisjonen
- Kl. 10.15 Saksføreaving
- Kl. 11.30: Lunsj
- Kl. 12.15: Saksføreavinga held fram.

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på www.hordaland.no/forfall eller sende melding til folkevalde@hfk.no.

Innkallinga gjeld valde medlemer i Opplærings- og helseutvalet. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Roald Stenseide
utvalsleiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 15/14	Godkjenning møteinnkalling og saksliste		
PS 16/14	Godkjenning møteprotokoll forrige møte		
PS 17/14	Referatsaker (Meldingar)		
RS 24/14	Spørsmål frå opplærings- og helseutvalet om dei som ikkje får læreplass	2014/13738	
RS 25/14	Om mandat for utgreiing av 8-13 skule	2014/10030	
RS 26/14	Tilrettelagt undervisning for elevar med fysiske funksjonsnedsettingar	2014/13863	
PS 18/14	Investeringsmidlar 2014 - Omfordeling av 2 millioner	2014/12603	
PS 19/14	Undervisningsteknologi, skulestruktur og fagtilbod i vidaregåande opplæring	2014/13785	
PS 20/14	Evaluering av konkurranseutsetjing av reinhald på 3 vidaregåande skular	2014/13280	
PS 21/14	Forvaltningsrevisjon innan fagopplæring i Hordaland fylkeskommune - revisjonsrapport	2014/862	
PS 22/14	Kompetansekrav etter forskriftsendring	2014/13793	
PS 23/14	Retningsliner for avsetjing til disponible fond for skulane.	2014/12635	
PS 24/14	Ymse		

PS 15/14 Godkjenning møteinnkalling og saksliste

PS 16/14 Godkjenning møteprotokoll forrige møte

PS 17/14 Referatsaker (Meldingar)

NotatDato: 17.03.2014
Arkivsak: 2014/13738-1
Saksbehandlar: tormje

Til: Opplærings- og helseutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Spørsmål frå OPHE om dei som ikkje får læreplass.

Fylkesrådmannen viser til møte i Opplærings- og helseutvalet 11.02.14 der Rasmus Rasmussen sette fram følgjande spørsmål:

«Ber om å få en oversikt fra siste 3 år over antall elever som står i alle fag, men som likevel ikke får læreplass».

Alt inntak til dei vidaregåande skulane og inntaket av lærlingar vert styrt gjennom det administrative systemet Vigo. Systemet blir opna for registrering av søkjarar i januar kvart år. Før opninga av systemet slettast førre års søkjarar. Historiske data vert ikkje lagra. Når det gjeld søkjarar til læreplass som ikkje har fått tilbod om plass, skal dei - dersom dei er kvalifiserte - ha tilbod om Vg3 i skule. I 2013 vart det innført ei ny inntaks- og formidlingsforskrift. I samband med denne skal det lagast ei lokal forskrift som skal gjelde for Hordaland fylkeskommune. Ei av endringane der er at dei som ikkje har fått tilbod om læreplass innan 1. september skal kartleggjast i høve til Vg3 alternativ slutttopplæring i skule.

Fagopplæringskontoret si rolle i formidlingsarbeidet er todelt. På den eine sida skal fylkeskommunen ha ei formidlingsteneste, der det vert lagt til rette for at bedrifter og søkjarar møtest. Dette skjer gjennom Vigo ved at bedriftene kan bruke VigoWeb og sjølv hente ut søkjarar som dei ynskjer å kalle inn til intervju. Fagopplæringskontoret legg seg ikkje bort i denne prosessen, då det er bedrifta sjølv som bestemmer kven dei vil tilsette. Fagopplæringskontoret hentar kvart år inn intensjonsavtalar med bedrifter som vi samarbeider med. Ein intensjonsavtale seier noko om forventningane til tal læreplassar.

Fagopplæringskontoret kontaktar søkjarar som vi ser ikkje har fått noko tilbod i løpet av august/september. Denne gruppa med søkjarar er ikkje einsarta, men er samansett. Fagopplæringskontoret har heller ikkje tidlegare år avslutta arbeidet med formidling 1.september, men har halde på både i oktober og november. Systemet lever heile hausten.

Spørsmålet frå representanten Rasmussen lar seg ikkje enkelt svare på. Det som gir oss ein peikepinn er kor mange som ønskjer Vg3 som slutttopplæring i skule. Desse kan vi tenkje oss ønskjer læreplass, men takkar ja til ein slutttopplæringsplass som eit alternativ til dette.

I 2012 hadde vi sluttopplæring i skule i følgjande fag:

13 elektrikarar
18 industrimekanikarar/ plate/ sveis

I 2013 hadde vi sluttopplæring i følgjande fag:

14 Bilfaget
14 Motormann
20 industrimekanikarar/ plate/ sveis

Vi har ikkje gode tal kring restgruppa, men det som er avgjerande, er om vi får ungdommane i tale eller ikkje. I 2013 innførte vi obligatoriske meldekort, der vi sende ut svarkort som dei måtte returnere dersom dei framleis ønskte å stå som søkjarar til læreplass. Vi fekk svar frå om lag 60 stk som framleis ville stå som søkjar. Desse fordelte seg på 24 lærefag og var spreidde rundt i Hordaland. Nokre av desse fekk tilbod om sluttopplæring, og nokre blei meldt opp til fagprøve (avviksfaga), og då sat vi igjen med om lag 45 stk som ikkje fekk plass. Meldekort var noko fagopplæringskontoret nytta seg av tidlegare før ein tok i bruk teknologi som masseutsending av SMS eller bruk av Facebook-sida til fagopplæringa. Å hente fram igjen denne «gamle» måten å kommunisere på har i 2013 gitt oss ei god oversikt over den gruppa som framleis ønskjer plass. Vi kjem til å halda fram med dette i 2014, men har ikkje nytta dette verktøyet sidan 2005.

Søkjarar igjen pr 15.okt 2013

Fag	søkjarar
Anleggsgartnarfaget	1
Anleggsmaskinførarfaget	3
Automatiseringsfaget,VERDISK	3
Barne- og ungdomsarbeidarfaget	2
Bilskadefaget	1
Elektrikarfaget	3
Energioperatørfaget	1
Fiske og fangst	2
Fjell- og bergverksfaget	1
Fjernstyrte u.vannoperasjonar	1
Helsearbeidarfaget	4
IKT-servicefaget	5
Institusjonskokkfaget	1
Kjemiprosessfaget	2
Konditorfaget	1
Laboratoriefaget	1
Logistikkfaget	1
Matrosfaget	1
Motormannfaget	11
Motormekanikar	2
Produksjonselektronikarfaget	1
Reiselivs faget	1
Rørleggjarfaget	2

Tavlemontørfaget	1
Tømrarfaget	8
	60

Det å halde oversikt over søkjarar til læreplass er ein utfordrande situasjon. Det er ei samansett gruppe som ikkje alltid er like enkel å halde oversikt over. Det som spelar inn på kor stor moglegheit ein søkjar har for å lukkast er sjølvstekt karakterar og fråvær frå skulen. Om ein har vore utplassert i aktuelle bedrifter gjennom PTF, om ein er villeg til å flytte på seg, og om ein viser initiativ. Dei som Fagopplæringskontoret etter nokre rundar ikkje får fatt på eller som ikkje møter til avtalte intervju osv, vert tatt ut av formidlinga. Vi brukar mykje tid på å få tak i søkjarar, og det gjer også bedrifter. Bedriftene brukar ikkje mykje tid på søkjarar dei ikkje får fatt på. Vi har også ei gruppe som søker påbygg til studiekompetanse som 2 eller 3 val. Dersom desse ikkje har fått læreplass innan starten av august får desse automatisk tilbod om dette. Om denne gruppa også skal reknast blant dei som ikkje får læreplass er eit definisjonsspørsmål.



Notat

Dato: 17.03.2014
Arkivsak: 2014/10030-8
Saksbehandlar: hilruns

Til: Opplærings- og helseutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Om mandat for utgreiing av 8-13-skule

Fylkestinget handsama sak 1/2013 Skulebruksplan for Hordaland fylkeskommune i møte 12. mars 2013, og vedtok m.a.:

Pkt 2a: «...*HFK ønskjer å vurdere 8-13-skule i samband med Bergen kommune si planlagde utbygging av Seimsmyrane ungdomsskule*».

Pkt. 2c: «...*Det skal greiast ut om 8- 13-skule kan vere ei berekraftig løysing for Austrheim vgs på sikt.*»

Opplæringsavdelinga set i gang utgreiingsarbeidet ut frå ei målsetting om å framskaffe nødvendig saksgrunnlag for politisk avgjerd om

- spørsmålet om 8-13-skule i samarbeid mellom HFK og Bergen kommune
- spørsmålet om 8-13-skule i samarbeid mellom HFK og Austrheim kommune

Mandatet inneber vurdering av mål, rammer og føresetnader for 8-13-skule som modell for vidare utvikling av opplæringstilbodet i Hordaland. Mandatet omfattar ei vurdering av kva som vil vere berekraftig struktur med omsyn til elevgrunnlag og rekruttering, fagtilbod og samarbeid mellom skule og næringsliv, samt samarbeid mellom kommune og fylkeskommune. Modellar med ulik grad av samarbeid og forplikting inngår i utgreiinga:

- Vidareføring av noverande skulemodell og oppgåvedeling mellom fylkeskommune og kommune.
- Samlokalisering: Skuleeigarar som no, ulike bygg for grunnskule og vidaregåande opplæring i felles nærrområde.
- Sambruk: Skuleeigarar som no, men samarbeidsavtale om bygg med funksjonar i fellesskap som til dømes kantine, spesialrom, fellesrom.
- Samorganisering: Felles bygg og felles opplæringsverksemd gjennom samarbeidsavtale mellom kommune og fylkeskommune. Arbeidsgjevaransvar som no, men samarbeid om kompetanse (disponering av personalet og kompetanseutvikling).
- Forsøk med 8-13-skule med ein felles skuleeigar og arbeidsgjevar for både grunnskule- og vidaregåande opplæring.

Modellane skal vurderast i høve til føresetnadene lokalt i Austrheim kommune og Bergen kommune. Ein modell som høver for Austrheim kommune, høver ikkje nødvendigvis for Bergen kommune. HFK og den enkelte kommunen kan lande på ulike konklusjonar.

Organisering

Opplæringsavdelinga etablerer ei arbeidsgruppa som får ansvar for utgreiingsoppdraget frå HFK. Arbeidsgruppa skal vere samansett av deltakarar frå Opplæringsavdelinga og representantar oppnemnde av skulane v/ rektor, skal delta i arbeidet.

HFK sender invitasjon til kvar av kommunane til å delta i utgreiingsarbeidet og til å nemne opp sine representantar til arbeidsgruppa. Møteplan for arbeidsmøta vert sett opp i samarbeid med Austrheim kommune og Bergen kommune.

På møta vil m.a. følgjande vere tema for utgreiinga:

- a. Modellen 8-13-skule i høve til hovudmålet om auka gjennomføring, samt andre målsetjingar:
 - Pedagogisk og fagleg.
 - Økonomisk.
 - Administrativt.
 - Samfunnsmessige omsyn med m.a. samarbeid skule, lokalsamfunn og arbeidsliv.
- b. Føremål, rammer og føresetnader:
 - Lokalisering og skulebygg. Anna lokalisering enn Seimsmyrane kan vere aktuell i Bergen kommune.
 - Elevgrunnlag og prognose.
 - Skulestorleik, fagtilbod, pedagogisk målsetting, økonomi, personalmessige konsekvensar.
 - Ulike samarbeidsmodellar.
 - Tidsperspektivet.
- c. Samla vurdering av spørsmålet om 8-13-skule i samarbeid mellom HFK og Bergen kommune og konklusjon/tilråding.
- d. Samla vurdering av spørsmålet om 8-13 skule i samarbeid mellom HFK og Austrheim kommune og konklusjon/tilråding.

Framdrift

Opplæringsavdelinga tek sikte på at arbeidet vert gjennomført våren 2014 med oppstart i april. Målsettinga for utgreiingsarbeidet, rammer og tidsplan fram til politisk handsaming vert nærare fastsett i samarbeid med kommunane. Utgreiinga med tilråding vert grunnlag for politisk handsaming tidlegast juni 2014 og seinast hausten 2014.



Notat

Dato: 18.03.2014
Arkivsak: 2014/13863-2
Saksbehandlar: stiaas9

Til: Opplærings- og helseutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Tilrettelagt undervisning for elevar med fysiske funksjonsnedsettingar

I Opplærings- og helseutvalet 11.02.14 stilte Dan Femoen følgjande spørsmål:

«Vi har fått NOVA rapport «Levekår og sosial inkludering hos mennesker med fysiske funksjonsnedsettelse», som hevder at 64% av barn med fysiske funksjonsnedsettelse ikke fullfører videregående skole. Hvordan er frafallsituasjonen for funksjonshemmede i Hordaland, og er det satt inn ekstra tiltak for å forhindre frafall blant funksjonshemmede?»

Bakgrunnen for undersøkinga er den politiske målsetjinga om at personar med nedsett funksjonsevne skal få auka deltaking og inkludering i arbeidslivet. Eitt av tiltaka for å nå desse måla er tilrettelagt undervisning i skulen. Spørsmålet blir då – bidreg denne tilrettelegginga til auka deltaking og inkludering?

I 2013 kom NOVA ut med rapporten *Langt igjen? Levekår og sosial inkludering hos menneske med fysiske funksjonsnedsetjing* der eitt av hovudmåla er å gje ei oversikt over skulesituasjonen til barn med fysiske funksjonsnedsetjingar. Datagrunnlaget for denne delen av undersøkinga er ei spørjeundersøking blant foreldre av barn mellom 6-16 år med fysiske funksjonsnedsettingar (CP, ryggmargsbrokk eller andre fysiske funksjonsnedsettingar). Undersøkinga er landsdekkande. Rapporten er ein del av prosjektet *Alle skal med?. Integrasjon i skole og arbeidsliv for mennesker med fysisk funksjonsnedsettelse*.

Her er nokre av dei sentrale funna:

- Heile 64 prosent av barn med fysisk funksjonsnedsetting fullfører ikkje vidaregåande, mot kun 17 prosent i befolkninga for øvrig. Mykje av fundamentet for dei unge sitt tilhøve til ta vidare utdanning og seinare koma i arbeid blir forma her. Det som er mindre kjent er at mange unge med fysiske funksjonsnedsettingar droppar ut av skulen enda tidlegere enn jevnaldrande elles i befolkninga.
- Eit særtrekk for barn med fysisk funksjonsnedsetting er at ein betydeleg del av undervisningstilbodet i skulen skjer i form av spesialundervisning utanfor klasserommet.
- Skulen er viktig for barn si utvikling – ikkje berre som arena for læring, men også for utvikling av sosial kontakt og vennskap mellom jamnaldrande. For dei fleste er trivsel og sosial tryggleik ein føresetnad for læring.

- Ifølgje undersøkinga er segregert undervisning den enkeltfaktoren som verker sterkast inn på omfanget av vennenettverk og sosial deltaking. Barna som deltok mindre enn halvparten av tida i klassen hadde færrest venner og var mindre integrert både på formelle så vel som på uformelle sosiale arenaer samanlikna med dei som berre fylgde klasseromsundervisninga.
- Tanken bak den segregerte undervisninga er at den skal gje barna eit betre læringsutbytte. Sett på bakgrunn av dei svara som undersøkinga gjev er det all mogleg grunn til å spørje seg om ordninga med spesialundervisning slik den blir praktisert i dag bør takast opp til revurdering. Måten undervisninga er organisert på synest å medføra ei rekkje utilsikta konsekvensar.
- Å segregere barn på grunnlag av fysisk funksjonsnedsetting kan også ha konsekvensar for haldningane andre born har. Dersom skulen og dei vaksne signaliserer at barn med funksjonsnedsettingar kan ekskluderast frå klasserommet, kan ein ikkje forvente at andre barn skal inkludere dei i sosiale aktivitetar i fritida eller i friminutta.
- Korrelasjonane mellom segregasjon, skuleerfaringar, sosiale nettverk og sosial deltaking kan tolkast som utilsikta konsekvensar av ein etablert pedagogisk praksis. Forstått på denne måten blir den pedagogiske praksisen overfor elevar med fysiske funksjonsnedsettingar ein ekskluderande praksis.
- Andre avgjerande faktorar er foreldra si utdanning og inntekt: Barna som hadde foreldre med låg inntekt deltok sjeldan i organiserte aktivitetar etter skuletid. Samtidig viste studien at barnet sin sjanse til å unngå eit segregert undervisningsopplegg auka dersom foreldra hadde høg utdanning.

Kommentar om situasjonen i Hordaland fylkeskommune.

Alle elevar har rett til tilrettelagt opplæring. Spesialundervisning krev eit enkeltvedtak etter § 5-1 i opplæringslova. Dei elevane som ikkje har utbytte av ordinær opplæring og tilrettelegging, kan etter ei sakkunnig vurdering få vedtak om spesialundervisning. Fylkeskommunen har eit system som gir oversikt over omfang, innhald og organisering av spesialundervisninga i vidaregåande skule, men ikkje eit system for å kartleggja elevar med fysiske funksjonsnedsettingar. Fysisk funksjonsnedsetting utløyser ikkje spesialundervisning; det er manglande utbytte av opplæringa som gir rett til det. Opplæringsavdelinga kjenner ikkje til nokon elevar i vidaregåande skule som får eit vedtak til å få segregert opplæringstilbod på grunn av fysisk funksjonsnedsetting.

For å kartleggja fråfallssituasjonen for dei med fysiske funksjonsnedsettingar må ein kartleggja stoda på kvar einskild skule i Hordaland.

I tråd med denne saka kan det vera verdt å nemne at prosjektet «*Inkludering gjennom samhandling, deltakelse og aktivitet- en vanlig jobb*» har som mål å leggje til rette for at fleire elevar med funksjonsnedsetting kan delta i det ordinære arbeidslivet på eigne premisser og gjennom tilrettelegging av arbeidsoppgåver. Prosjektet er initiert av Høgskulen i Bergen og Bergen kommune. HFK er ikkje tilknytt prosjektet, men har gitt godkjenning til at dei kan ta kontakt med våre vidaregåande skuler for å kartleggja tal på elevar som får tilrettelagt undervisning på bakgrunn av funksjonshemming, og om dei får undervisning som gjer dei i stand til å møte arbeidslivet på ein god måte.



Arkivnr: 2014/12603-3

Saksbehandlar: Odd Bjarne Berdal

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet	18/14	08.04.2014
Fylkesutvalet		23.04.2014

Investeringsmidlar 2014 - Omfordeling av 2 millionar

Samandrag

Fylkesrådmannen viser til sak 2014/12603 i møte i OPHE 18.03.2014 der det vart gjort innstilling om at 33 mill av totalt 35 mill i investeringsmidlar skulle fordelast slik:

Utstyrsmidlar til 2014	8 000 000 kroner
IT- midlar	8 000 000 kroner
Innkjøp reinhaldsutstyr	2 000 000 kroner
Innkjøp utstyr Årstad vgs	7 000 000 kroner
Innkjøp utstyr Amalie Skram vgs	6 000 000 kroner
Brusimulator Bergen Maritime Fagskule	2 000 000 kroner

Dei resterande 2 millionane skulle fordelast i neste møte i OPHE. Bakgrunnen for denne avgjerda var posten om tildeling av ny brusimulator til Bergen Maritime Fagskule. I sak 2014/12603 vert det lagt til grunn at kostnaden til ny simulator er på 4 millionar kroner. Etter opplysningar frå Fagskulestyret er dette kostnaden til brusimulatoren isolert sett, medan dei totale kostnadane ved anskaffing av ein ny simulator er på mellom 5 og 6 millionar kroner. Dette skuldast at det er relativt store omkostningar med å få simulatoren installert med omsyn til inventar, programvare og naudsynte bygningsmessige tilpassingar.

Forslag til innstilling

Omfordeling av 2 millionar kroner vert fordelt slik

Utstyrsmidlar	1 000 000 kroner
Brusimulator Bergen Maritime Fagskule	1 000 000 kroner

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 20.03.2014

I sak 2014/12603 i OPHE den 18.03.2014 vart det gjort vedtak om at 33 av totalt 35 millionar i investeringsmidlar skulle fordelast slik:

Utstyrsmidlar til 2014	8 000 000 kroner
IT- midlar	8 000 000 kroner
Innkjøp reinhaldsutstyr	2 000 000 kroner
Innkjøp utstyr Årstad vgs	7 000 000 kroner
Innkjøp utstyr Amalie Skram vgs	6 000 000 kroner
Brusimulator Bergen Maritime Fagskule	2 000 000 kroner

og at dei resterande 2 millionane skulle fordelas i neste utvalsmøte. Bakgrunnen for denne avgjerda var posten om tildeling av ny brusimulator ved Bergen Maritime Fagskule. I sak 2014/12603 leggast det til grunn at kostnaden til ny simulator er på 4 millionar kroner. Etter opplysningar frå Fagskulestyret er dette kostnaden til brusimulatoren isolert sett, medan dei totale kostnadane ved anskaffing av ein ny simulator er på mellom 5 og 6 millionar kroner. Dette skuldast at det er relativt store omkostningar med å få simulatoren installert pga av kostnader til inventar, programvare og naudsynte bygningsmessige tilpassingar.

Samstundes er det stor trong for opprusting av utstyr, maskiner og inventar til undervisning i dei andre vidaregåande skulane i Hordaland.

Fylkesrådmannen tilrår difor følgjande fordeling:

Utstyrsmidlar	1 000 000 kroner
Brusimulator Bergen Maritime Fagskule	1 000 000 kroner

Ser ein samla på dei 35 millionane i investeringsmidlar gir dette følgjande fordeling:

Utstyrsmidlar til 2014	9 000 000 kroner
IT- midlar	8 000 000 kroner
Innkjøp reinhaldsutstyr	2 000 000 kroner
Innkjøp utstyr Årstad vgs	7 000 000 kroner
Innkjøp utstyr Amalie Skram vgs	6 000 000 kroner
Brusimulator Bergen Maritime Fagskule	3 000 000 kroner



Arkivnr: 2014/13785-2

Saksbehandlar: Svein Olav Norenes

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet	19/14	08.04.2014

Undervisningsteknologi, skulestruktur og fagtilbod i vidaregåande opplæring

Samandrag:

Fylkestinget behandla 12.03.2013 i sak 1/13 Skulebruksplan for Hordaland fylkeskommune 2012-2025, del II. Representanten Kristian Helland sette på vegner av KrF, A, FrP, H, MDG, R, Sp, SV og V fram slikt oversendingsforslag (som vart samrøystes vedteke):

«Den raske utviklinga av undervisningsteknologi har skapt grunnlag for nytenking i korleis fagtilbod kan gjevast til andre elevar enn dei som bur der den lokale skulen ligg. Mange fag og emne kan i dag studerast uavhengig av kvar ein bur i landet. Det finn ein mange døme på både innan fagskulane og innan høgre utdanning. Det er rimeleg å tenkja at denne utviklinga også kan komma til å endra den vidaregåande opplæringa i Hordaland. Fylkestinget vil oppmoda opplæringsdirektøren om å setja ned ei arbeidsgruppe som kan sjå nærare på skulestruktur og fagtilbod innan vidaregåande opplæring i Hordaland i lys av nemnde undervisningsteknologiske utvikling. Eit grundig notat om denne problematikken bør presenterast for opplærings- og helseutvalet i løpet av inneverande år.»

I denne saka drøftar vi kort utviklinga innan undervisningsteknologi med fokus på korleis nye teknologitrendar og nye pedagogiske prinsipp og tankar påverkar undervisning og læring i den ordinære skulen i dag. Vidare drøftar vi kort utviklinga av nettskule og nettundervisning ut frå døme på tilbod og utprøvingar både nasjonalt og lokalt i Hordaland.

På basis av tilbod og erfaringar som ligg føre nasjonalt saman med utprøvingar og signal lokalt i Hordaland, vert det skissert ein mogleg nettskulmodell i Hordaland med hovudfokus på

- 1) å styrkje det vidaregåande fagtilbodet hjå elevar i distrikta
- 2) å styrkje tilbodet av programfag med få søkjarar i heile regionen
- 3) sjå på behov og moglegheiter for fleksible utdanningsløp for elevar med konkrete utfordringar (t.d. fysiske og psykiske).

Fylkesrådmannen rår til at det blir sett ned ei arbeidsgruppe med ansvar for å:

1	Greie ut og kartlegge vidare behov innanfor ulike fag- og utdanningsområde i distrikta i dialog med skulane
2	Utgreie og kartleggje behov og moglegheit for fleksible utdanningsløp for elevar med konkrete utfordringar

3	Greie ut konkrete modellar for å styrkje tilbodet i heile regionen i programfag med for få søkjarar (t.d. språkfag som latin, arabisk, kinesisk; geofag og realfag på høgare nivå) og levere plan for utprøving i nokre språkfag frå hausten 2014.
4	Vurdere ressursbehov knytt til oppretting av nettskuletilbod i Hordaland

Forslag til vedtak

Opplærings- og helseutvalet støttar framlegget om ei arbeidsgruppe i samsvar med fylkesrådmannen si tilråding.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 18.03.2014

Læring og undervisning i endring – teknologiske og pedagogiske trendar

Undervisning og læring er i endring grunna den raske teknologiske utviklinga. Dei vidaregåande skulane i Hordaland arbeider kontinuerleg med spørsmål kring korleis nye digitale verktøy kan nyttast til å betre elevane si læring og faglege utvikling. Teknologisk ser vi store endringar knytt til korleis vi lagrar og utvekslar data (skylagring/cloud computing), tilgang på hurtig dataoverføring (wifi/trådlause nett og mobilnett) og nye brukarvennelege brukargrensesnitt (nettbrett, smarttelefon, berbar PC/Mac). Dette gjer at mellom anna bruk av lyd, bilete og mobile teknologiar blir svært nyttig. I kombinasjon med den teknologiske utviklinga har nye pedagogiske tankar og fått auka fotfeste. At eleven no i større grad tek rolla som produsent av innhald og er medverkande til eiga og andre elevar si læring, ligg sentralt i perspektiv på læring som i dag får auka tilslutning. Rammer rundt læring og korleis nye reiskapar medverkar til endra arbeids- og kommunikasjonsmåtar, er vidare element som påverkar korleis verktøy og læring no må sjåast i samanheng (sosiokulturelt perspektiv).

Tendensar vi ser i høve til ordinær gjennomføring av undervisning er mellom anna auka bruk av omvendt undervisning og undervisningsvideoar. Elevane ser då videoinstruksjonar av læraren (eller av ein annan lærar) sin gjennomgang av teori og nytt lærestoff, medan ein nyttar tida på skulen til aktivt arbeid der ein gjer nytte av lærestoffet. Dette vil over tid kunne erstatte mykje av den tradisjonelle tavle- og teoriundervisninga lærar-til-elev. Det kan her nemnast at t.d. Sør-Trøndelag fylkeskommune har vedteke politiske retningslinjer for korleis lærarar skal undervise, der mellom anna omvendt undervisning inngår som ei klar tilråding.

Ein annan klar trend er knytt spesifikt til vurdering av eleven si læring. Dette har samanheng med både formativ vurdering (undervegsvurdering/vurdering for læring) og summativ vurdering (sluttvurdering). Her ser vi at digitale reiskapar no skaper nye arbeidsmåtar der eleven får meir presise og tydelege tilbakemeldingar, samstundes som eleven sjølv tek større del i både vurdering av eiga læring (eigenvurdering) og andre elevar si læring.

Ein tredje trend vi ser starten på er samarbeidslæring og nye former for samhandling, kommunikasjon og dialog i faga. Dette skjer som ein konsekvens av auka tilgang på og bruk av digitale samarbeidsverktøy (som t.d. Google Docs, blogg, Wiki og anna samskrivingsverktøy) i kombinasjon med at elevane jobbar med meir utforskningsbaserte læringsoppdrag (tidlegare prosjektarbeid og problembasert læring).

Dette syner at enkle og lett tilgjengelege teknologiar (kvardagsteknologiar) no bidrar svært mykje til vidareutvikling av den ordinære undervisninga, samstundes med at dette framleis skjer i kombinasjon med bruk av gjeldande LMS (its learning) og skuleadministrativt system (SkoleArena) for organisering av undervisning og skulekvardag. Skiljet mellom kvardagsteknologi og undervisningsteknologi er følgjeleg i endring. Tilfanget av kvardagsteknologiar og arbeidsmåtar ein no ser vert utvikla i samspel med dei nye digitale reiskapane i skulane gjev oss mange moglegheiter i høve til korleis vi kan etablere og organisere eit utvida undervisningstilbod for vidaregåande opplæring i Hordaland.

Fjernundervisning og nettundervisning – utvikling og erfaringar nasjonalt og lokalt

Fjernundervisning har vore eit vanleg tilbod i lang både hjå korrespondanseskular og brevsksular som NKS, AOF, Folkeuniversitetet med fleire og også som eit tilskot hjå høgskular og universitet. "Mer kunnskap til flere" var eit sentralt prinsipp i samanheng med at framlegg om fjernundervisning ved dei offentlege høgskulane og universiteta vart lansert i Stortingsmelding 43/1988-89. Fjernundervisning vart vidare trekt fram som eit verkemiddel knytt til Kompetansereforma "Livslang læring" (Stortingsmelding 42/1997-98), mellom anna med særskild vekt på etter- og vidareutdanning. Individuell fridom er eit anna sentralt prinsipp som har lege til grunn. I den seinare tid med framveksten av internett og digitale kommunikasjonsverktøy og læreplattformer har tilbodet gradvis gått over til å bli kalla nettundervisning.

Innan vidaregåande opplæring har nokre fylkeskommunar, t.d. Nordland fylkeskommune og Rogaland fylkeskommune, i lengre tid arbeidd med undervisning over nett med bakgrunn i geografi, skulestruktur og ønskje om å styrkje fagtilbod i distrikta og hjå konkrete elevgrupper. I den seinare tid har fleire fylkeskommunar etablert nettbaserte undervisningstilbod, mellom anna Buskerud og Sør Trøndelag, der ein utvidar fagtilbodet hjå skular med for få søkjarar til å opprette visse programfag t.d. innan realfag og språkfag. Fleire av fylkeskommunane har også oppretta fagtilbod for vaksne i studieførebuande fag. I hovudsak har tilboda vore bygd opp som ein struktur rundt skular og eventuelt senter for vaksenopplæring i

regionen. I Nordland fylkeskommune har tilbodet ein sær s tydeleg distriktspolitisk profil, som t.d. at søkjarar skal kunne bu heime, delta i arbeidsliv, nærmiljø obs, og det er vidare lagt særleg vekt på etterspurnaden etter tilbod hjå vaksne søkjarar.

Korleis ein generelt sett har organisert undervisninga varierer ein del, men i hovudsak har ein lagt opp til sjølvstudium ved bruk av videoleksjonar, digitale illustrasjonar og andre læremiddel i kombinasjon med oppgåver og oppgaveinnlevering som vert organisert gjennom felles læringsplattform (t.d. its learning). Oppfølging skjer via nettmøte og fysiske møte (t.d. organisert via studiesenter i regionen).

Pilotprosjekt – nokre erfaringar lokalt og nasjonalt

I Hordaland har tre skular i Region Vest samarbeidd om språkundervisning over nett (skuleåret 2011-12 og 2012-13). Utgangspunktet for dette samarbeidet var å oppretthalde fagtilbodet for elevar som ynskde å ta spansk på nivå III. Lærarar ved to av skulane har her samarbeidd om felles undervisning som har gått føre seg over video. I tillegg har elevane fått faste timar med oppfølging med lærar på eigen skule. Prosjektet har vore ressurskrevjande for både lærar og skule. Elevane melder tilbake at dei trivst med undervisningsforma og bruk av videokonferanse, samtidig som oppfølging på eigen skule har vore viktig. Prosjektet viser også at kravet til eigeninnsats hjå elevane, t.d. at ein er godt førebudd til undervisninga som skal skje over video, og at ein er motivert, er ein føresetnad for å lukkast med denne undervisningsforma. I dette prosjektet har ein nytta Tandberg sitt videokonferansesystem for lyd/bilete-samhandling mellom elevar i eit klasserom hjå kvar av dei tre skulane. Dette er brukt i kombinasjon med eigen utvikla nettstad med læringsressursar (bruk av Google Sites) og bruk av its learning og SkoleArena til organisering og oppfølging.

Nasjonalt har Hordaland fylkeskommune deltatt i prosjektet "Den virtuelle matematikkskolen" (DVM) der elevar som ynskjer større utfordringar i matematikkfaget, eller elevar som treng meir oppfølging, kan delta i eit eige undervisningsopplegg over nett. Grupper på om lag 15 elevar deltar her i direkte undervisning (synkront) til faste tider. Desse øktene fungerer som oppsummerande økter, i kombinasjon med at eleven ser undervisningsvideoar og fagillustrasjonar og jobbar med oppgåver og oppgaveinnlevering parallelt (asynkront – til ulik tid). Erfaringar frå deltaking i DVM er at det kan vere krevjande å få til god dialog i større grupper i matematikkfaget over nett. Ein ser her klare fordelar dersom ein kunne hatt nokre fysiske møtepunkt og samlingar i tillegg til undervisninga over nett. Eit aspekt som har vore utfordrande er utvalet av elevar. Ikkje alle elevar har vore like motiverte og tilstrekkeleg klår over kva denne forma for undervisning vil krevje av dei som elev. I dette prosjektet har ein nytta ei nettbasert samhandlingsløyising for lyd, bilete og direkte samhandling (her Adobe Connect). Elev og lærar nyttar denne samhandlingsløyisinga via sin berbare PC/MAC og kan difor følgje undervisninga uavhengig av kvar ein fysisk oppheld seg.

Forsking på undervisningsteknologi og datastøtta samarbeidslæring fokuserer mykje på korleis dialog og samhandling kan støttast med hjelp av nye reiskapar og arbeidsmåtar i virtuelle rom (digitale rom på internett). Resultat av forskinga er i første rekkje at ein har utvikla digitale verktøy og teoretiske prinsipp kring datastøtta samarbeidslæring. Vi ser no at mange av desse moglegheitene vert tilgjengelege i samarbeidsverktøy som mellom anna Google og Apple tilbyr, og som no vert brukt i ordinær undervisning.

Kort oppsummering

Ser ein på tvers av tilbod og erfaringar så langt finn vi at bakgrunnen for undervisningstilbod over nett i hovudsak er knytt til geografiske tilhøve, skulestruktur og tilgang på fagtilbod. Det å sjå på undervisning over nett som eit pedagogisk grep i høve til tilpassa opplæring, slik t.d. «Den virtuelle matematikkskolen» i regi av IKT-senteret no prøver ut, har med andre ord i ikkje vore det gjeldande.

Ser vi elles på erfaringar og kunnskap samla sett om undervisning over nett finn vi at samspelet mellom teknologi og utvikling av modellar for undervisning heng nøye saman. Kompetanse omkring dette har utvikla seg gradvis i takt med nye teknologiske moglegheiter og pedagogisk tenking omkring elevane sine resultat og læring. Oppfølging av eleven, arbeidsmåtar og organisering omkring dette har vidare vore eit sentralt område ein har jobba mykje med. Fokuset på lærarrolla har vore eit anna sentralt element. Å utvikle seg som nettlærar krev kompetanse og kontinuerleg utvikling i høve til teknisk og pedagogisk kompetanse, saman med gode modellar og prosedyrar for oppfølging.

Sett i høve til trendar for korleis undervisning no i aukande grad skjer med støtte i digitale verktøy og hjelpemiddel – i ein kombinasjon av kvardagslige teknologiar, felles læringsplattform og andre skuleadministrative system – går undervisningsmåtar over nett og i ordinær skule i stor grad i same retning

både teknisk og pedagogisk. Ser ein dette i samanheng med gjeldande skulestruktur for vidaregåande opplæring i Hordaland kan det opne opp for spanande utprøving og utvikling av ein nettskulemodell i fylket.

Vidare vurdering av ein HFK-modell – fagtilbod og pedagogiske moglegheiter

Med utgangspunkt i tilbod og erfaringar nasjonalt og utprøvingar og signal lokalt i Hordaland er det nærliggjande å tenkje seg ein nettskulemodell i Hordaland med hovudfokus på å:

1) Styrkje det vidaregåande fagtilbodet for elevar i distrikta

I vedteken skulebruksplan for vidaregåande opplæring i HFK (som går fram til 2025) er bruk av IKT trekt inn som eit grunnlag for planlegging av skulane. Mellom anna ligg det i vedtaket at ein skal leggje til rette for fleire programfag og fagtilbod ved hjelp av digitale verktøy. Utover dette ligg det ikkje konkrete føringar for utvikling av eit undervisningstilbod over nett. Hjå dei vidaregåande skulane i Hordaland etterspør ein konkrete tiltak for å kunne tilby eit breiare fagtilbod hjå elevar i distrikta (jf. mellom anna språkprosjekt i Region Vest).

2) Styrkje tilbodet av programfag med få søkjarar i heile regionen (t.d. språkfag som latin, arabisk, kinesisk, geofag og realfag på høgare nivå).

Det har konkret vore etterspurd tiltak i høve til språkfag i Hordaland. I sak om rekruttering til språkfaga (i OPHE arkivsak 201207193-1) vert det mellom anna peika på at søkjartala til språkfaga går ned. Det har og vore sett fokus på å fremje utviklinga av mindre programfag i Hordaland, t.d. i sak om kinesisk som framandspråk (34/11 i OPHE).

3) Sjå på behov og moglegheiter for fleksible utdanningsløp for elevar med konkrete utfordringar

Til det siste kan ein sjå for seg utvikling av tilpassa fleksible opplæringsløp for elevar som slit med t.d. fysiske og psykiske utfordringar.

Berande prinsipp for ein nettskulemodell (som vi ser på dette tidspunkt i arbeidet)

Val av struktur, undervisningsmodell og pedagogisk plattform

Ein nettskulemodell må støtte tanken om det heile og integrerte menneske. Ein vidare grunntanke er at undervisningstilbodet må sjåast som komplimenterande til det eksisterande vidaregåande tilbodet i Hordaland. Det krev ein struktur og modell som dei etablerte vidaregåande skulane kan trekke på for å styrkje sin posisjon som lokal læringsarena.

Til dette må ein mellom anna ta stilling til om undervisninga skal skje via synkron- og/eller asynkron kommunikasjon over nett, eller med kombinasjonar av desse, samt vidare strukturar i høve til fysiske organisering.

- Synkron undervisning – undervisning og oppfølging over nett i sanntid
- Asynkron undervisning – undervisning og oppfølging over nett til ulik tid
- Hybrid modell – undervisning og oppfølging over nett i både sanntid og til ulike tider i kombinasjon med faste fysiske møtepunkt og samlingar

Erfaring så langt nasjonalt og i HFK viser at veksling av undervisning i sanntid over nett i kombinasjon med undervisning til ulike tider med bruk av læringsvideoar, oppgåveinnlevering og oppfølging er mest realistisk

å satse på. Dei ulike modellane har sine styrkar og svakheiter og må sjåast i samanheng med fag og elevmasse (t.d. privatistar, kurs og oppdragsverksemd, vidare- og etterutdanningstilbod).

Felles for alle modellar er at dei vil krevje motiverte elevar som evnar å jobbe sjølvstendig.

Fagleg dialog og sosial omgang

Bruk av språk og munnleg framstilling er ein basisferdigheit i alle fag. I språkfag er dette ein sjølvsgad føresetnad, men også i t.d. matematikk og andre realfag er det å kunne kommunisere, argumentere og diskutere i faget ein naudsynt ferdigheit og kompetanse. Dette må ein ta høgde for i høve til val av undervisningsmodell.

Val i høve til fysisk oppfølging må og vurderast. Oppfølging kan skje t.d. på eigen skule eller via studieverkstad i regionane. Hordaland har her regionar og strukturar som ligg til rette for ein god utvikling av dette. Oppfølging kan og skje over nett i sanntid (ein-til-ein) eller over nett i mindre gruppe. Erfaringar syner at meir enn maks 15 personar er krevjande. Her vil det og vere skilnader i høve til fag og elevgruppe kva som er best eigna. Nærare utprøvingar må avgjere korleis ein legg opp alle aspekt ved dette. Det sosiale og faglege heng her saman. Det er naturleg å sjå på sosiale medium som Facebook og liknande som viktige i høve til kontakt både i og rundt det faglege.

Val av teknologi – og samspel mellom val av teknologi og undervisningsmodell

Å gjere strategisk gode val i høve til val av teknologiar (t.d. i høve til val av digital læringsplattform) vil vere viktig. Det å sjå på fortrinn som ligg i å nytte verktøy som elev og lærar allereie er godt kjend med versus moglegheiter i nye plattformer og verktøy er her ei aktuell problemstilling. Innføringa av BYOD (Bring Your Own Device) for elevar i vidaregåande opplæring i Hordaland (som vart sett i verk hausten 2013) tyder at elevar no kan ta med seg sin privateigde datamaskin (PC eller MAC) eller kjøpe datamaskin gjennom Opplæringsavdelinga sin PC-avtale. Minstekrav er sett for kva utstyr elevane må skaffe til veie og halde orden på sjølve.

Infrastruktur og digitale verktøy og hjelpemiddel er i all hovudsak allereie tilgjengeleg. Store økonomiske investeringar vil difor ikkje vere naudsynt for å kunne etablere eit godt undervisningstilbod over nett. Å nytte eksisterande felles digital læringsplattform (its learning) for organisering av undervisning og læringsarbeidet, saman med eksisterande skoleadministrativt system (SkoleArena/its learning) for karakterføring, fråvær og annan elevoppfølging, ligg det godt til rette for.

Vidare viser erfaring at digitale samarbeidsplattformer for nettmøte og synkron undervisning fungerer særskilt godt (t.d. Adobe Connect). Delte arbeidsflater (som t.d. digital tavle, skrivebrett eller anna delt framstilling eller dokument) kan nyttast på gode måtar integrert i denne type samarbeidsverktøy. I høve til interaktivitet og fagleg oppfølging og tilbakemelding undervegs i synkrone undervisningsøkter (t.d. i spørsmål om kva elevane har forstått og kvar eleven er i faget) tilbyr digitale samarbeidsplattformer gode reiskapar. Korleis ein elles legg opp faga med dei konkrete verktøya spelar igjen saman med faga sin eigenart.

Tilbod og integrerte funksjonar

Vi ser av erfaringar nasjonalt at nettskuletilbod er mykje brukt i vaksenopplæringa og i samanheng med integrerte vidare- og etterutdanningstilbod. Det er også naturleg å sjå på moglegheiter for å integrere oppdragsverksemd gjennom kurs- og kompetansesenter (også til næringslivet).

Konklusjon og tilråding for det vidare arbeidet

Det vert sett ned ei arbeidsgruppe samansett av lærarar, representantar frå skulane og organisasjonane, saman med rådgivarar frå Opplæringsavdelinga.

Arbeidsgruppa har ansvar for å:

- 1) Greie ut og kartlegge vidare behov innanfor ulike fag- og utdanningsområde i distrikta i dialog med skulane

- 2) Greie ut konkrete modellar for å styrkje tilbodet i heile regionen i programfag med for få søkjarar (t.d. språkfag som latin, arabisk, kinesisk, geofag og realfag på høgare nivå) og levere ein plan for utprøving i nokre språkfag frå hausten 2014.
- 3) Utreie og kartleggje behov og moglegheit for fleksible utdanningsløp for elevar med konkrete utfordringar
- 4) Vurdere ressursbehov knytt til oppretting av nettskuletilbod i Hordaland



Arkivnr: 2014/13280-2

Saksbehandlar: Arnfinn Rekve

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet	20/14	08.04.2014
Fylkesutvalet		23.04.2014

Evaluering av konkurranseutsetjing av reinhald på 3 vidaregåande skular - korrigert versjon

Samandrag

I sak 6/09 vedtok i fylkesutvalet den 22.01.09 at det skulle setjast i gang ei prøveordning med konkurranseutsetjing av reinhald på Bjørgvin vgs, Årstad vgs og Nordahl Grieg vgs. Det vart vedteke at ordninga skulle evaluerast etter tre år. I evalueringa skulle det psykososiale arbeidsmiljøet for dei tilsette vere eit sentralt tema.

Prøveperioden er no over og ordninga er evaluert med omsyn til økonomi, kvalitet på leverte tenester og organisering av arbeidet. Erfaringane med konkurranseutsett reinhald er delte. Reint økonomisk kan det sjå ut til at leigereinhold er litt gunstigare enn eige reinhald. Men tala er ikkje heilt samanliknbare av di reinhaldstenesta i Hordaland fylkeskommune ikkje er organisert som ein eigen eining.

Som det går fram av saksframlegget er kvaliteten på dei leverte reinhaldstenestane tilfredstillande på to skular og svært dårleg på den eine skulen. I det siste høvet er det feilprising av tenestane som er hovudårsak til at det er levert for dårlege tenester.

Frå skulane vert det presisert at bortfall av personalansvar er det elementet som skil seg positivt ut ved bruk av eksternt leverandør.

Ei førebels vurdering tilseier at det ikkje blir gjort større endringar i organiseringa av reinhaldet no, men det kan vere behov for å sjå på alternative modellar for organisering. Dette bør utgreiast.

Forslag til innstilling/vedtak/avgjerd

1. Reinhaldet ved dei vidaregåande skulane i Hordaland skal som hovudregel framleis utførast av eigne tilsette reinhaldarar. Det same gjeld ved andre fylkeskommunale einingar, til dømes fylkesadministrasjonen.
2. Ordninga med eksternt reinhald held fram ved Årstad vidaregåande skule. Når byggearbeida ved skulen er ferdige, vert det vurdert på nytt om skulen skal ha eige reinhald eller eksternt reinhald. Lokala til Bjørgvin vidaregåande skule skal i ein mellomfase nyttast til undervisning, og ordninga med eksternt reinhald vert difor vidareført inntil vidare.

3. Det vert starta eit arbeid med gjennomgang av organiseringa av reinhaldstenestene. Dette arbeidet skal også omfatte ei utgreiing av alternative måtar å organisere reinhaldet på, til dømes om det er mogeleg og tilrådeleg å etablere ein eigen vikarpool for skular og andre einingar. I første omgang vil dette vere aktuelt i sentrum av Bergen, der det er kort avstand mellom dei fylkeskommunale einingane.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 26.03.2014

Bakgrunn

I sak 6/09 den 22.01.09 vedtok fylkesutvalet at det skulle setjast i gang ei prøveordning med konkurranseutsetjing av reinhald på Bjørgvin vgs, Årstad vgs og Nordahl Grieg vgs. Det vart vedteke at ordninga skulle evaluerast etter tre år. I evalueringa skulle det psykososiale arbeidsmiljøet for dei tilsette vere eit sentralt tema.

Historikk

Hausten 2009 vart det nedsett ei prosjektgruppe med representantar frå administrasjonen ved dei tre skulane, eigedomsavdelinga, opplæringsavdelinga, innkjøpsseksjonen og personalavdelinga. Målet var å gjennomføre ein korrekt innkjøpsprosess med gode tilbod til riktig pris. I tillegg har alle partar involvert hatt eit ynskje om å ivareta dei eksisterande reinhaldarane på Årstad vidaregåande skule og Bjørgvin vidaregåande skule.

Det vart gjennomført open konkurranse etter utlysning i TED databasen (EØS). Den fyrste konkurransen gjaldt reinhaldstenester på Nordahl Grieg vgs. Denne konkurransen vart avslutta i byrjinga av mai 2010, og kontrakten vart tildelt TOMA AS som starta opp reinhaldet på skulen.

Den andre konkurransen omfatta Årstad vgs, Bjørgvin vgs og Fylkesadministrasjonen. Det vart bede om ein totalpris samla for alle tre lokalitetane, i tillegg til ein pris for kvar lokalitet. Dette for at ein skulle kunne splitte opp kontrakten på fleire tilbydarar dersom dette var økonomisk hensiktsmessig eller ønskeleg av anna årsak. Kontrakten for reinhald hjå Årstad og Bjørgvin vgs vart tildelt Metode Renhold AS som starta opp reinhaldet hausten 2010.

Opplæringsavdelinga har gjennom samtalar med skulane evaluert ordninga. Ordninga er evaluert med omsyn til økonomi, kvalitet på leverte tenester og organisering av arbeidet.

Leverte teneste

I samband med evalueringsprosessen vart Bjørgvin vgs og Årstad vgs kontakta. Begge skular har hatt Metode Renhold AS som leverandør av reinhaldstenester sidan hausten 2010. Tilbakemeldinga frå desse skulane er i hovudsak positive. Når det gjeld kvaliteten på reinhaldet etter konkurranseutsetjing uttalte begge skular at reinhaldet generelt er like godt utført no som tidlegare, og skulane opplever at oppfølging av kontrakt har vore tilfredsstillande frå leverandør si side. Også kundetilhøvet og samarbeidet skulane har hatt med leverandør, vert oppfatta som godt.

Det er likevel ein del utfordringar knytt til eksterne reinhaldarar. Dette gjeld i særleg grad ved klagar på utført reinhald, der ekstern leverandør vanlegvis ikkje får retta opp i klagar fortløpande. Dette gjeld også ved uføresette uhell eller i andre tilfelle der det skulle vore rydda opp snarleg. Denne typen problemstillingar grunnar i at tidspunkt for når reinhaldsbehov melder seg, tidvis fell utanfor dei kontraktmessige arbeidstider leverandør er plikta å forholde seg til. Ved bruk av eigne reinhaldarar hadde skulane i større grad tilgjengeleg reinhaldspersonell gjennom heile dagen. Skulane har og merknader til at det er relativt store utskiftingar av reinhaldarar og bruk av vikarar hjå leverandør. Dette gjeld i særleg grad hjå Bjørgvin vgs. Bjørgvin vgs stiller også spørsmålsteikn ved reinhaldet i feriar. Det vert stilt spørsmål ved kvalitet på reinhaldet i desse periodane, og i kor stor grad reinhaldet faktisk vert dagleg gjennomført i samsvar med dei avtalar som ligg i kontrakt når skulane står tomme i ferieperiodar. Noko usikkerheit knytt til dette vert også kommentert frå Årstad vgs.

Kontrakt for reingjeringstenester på Nordal Grieg vgs vart tildelt TOMA AS. Denne avtalen vart avslutta hausten 2013. TOMA AS har i avtaleperioden hevda å ha rekna feil på levert tilbod i forhold til det omfang kontrakten bestod av. Det vert stadfesta frå opplæringsavdelinga at tilbodet frå TOMA AS låg svært lågt i pris. Den økonomiske feilvurderinga frå TOMA AS si side har ført til at dei ikkje har overhalde kontrakten. Kvaliteten på tenesta dei har levert, har vore svært dårleg og mangelfull. Nordahl Grieg vgs gjekk over til eigne reinhaldarar hausten 2013. Dei ønskjer ikkje å gå tilbake til ei ordning med konkurranseutsett reinhald.

Både Bjørgvin vgs og Årstad vgs hadde i forkant av konkurranseutsetjinga til dels store utfordringar knytt til personalansvar og leing av reinhaldspersonell. Det vert presisert at det særleg er med bakgrunn i dette at skulane stiller seg positive til noverande ordning. Bjørgvin vgs anbefaler på generelt grunnlag at ordninga med eksterne reinhaldsbyrå held fram. Årstad vil heller ikkje tilbake til tidlegare ordning og oppmodar om igangsetjing av ny konkurranse og vidareføring av dagens ordning på deira skule. Bortfall av løns- og personalansvar vert vektlagt som det viktigaste momentet frå begge skular i forhold til fortsatt bruk av eksterne leverandørar.

Økonomisk vurdering etter konkurranseutsetjing

Bjørgvin vgs har etter overgang til ekstern reinhaldsleverandør hatt eit kostnadskutt på i overkant av 500.000,- i året om ein berre ser på levering av dei reinhaldstenester som er kontaktfesta i avtalen. I Bjørgvin sitt tilfelle har det utover kontraktfesta tenester i tillegg vorte kjøpt inn ekstra reinhaldstenester for å dekke deira behov. Dette er tenester knytt til oppgåver som har kome fram i prøveperioden, men som ikkje har vore kontraktfesta i avtalen med leverandør i det omfang det har vore behov for. Eit overslag på desse kostnadene viser at dei utgjer om lag 200.000,- i året. For å få eit realistisk bilete av totalkostnadene må desse 200.000,- trekkast ifrå i forhold til dei kostnadskutta som kontraktmessig kan knytast direkte til overgang til ekstern leverandør (500.000,-). Sett opp mot bruk av egne reinhaldarar som tidlegare dekkar det totale reinhaldet etter behov, kan ein kalkulere med eit samla kostnadskutt på ca. 300.000,- årleg etter konkurranseutsetjing. Dette har vore vanskeleg å talfeste nøyaktig slik organiseringa av reinhaldet tidlegare har vore, men totalt sett vil ein i alle høve kunne fastslå at det føreligg ein viss økonomisk gevinst ved overgang til eksternt reinhald hjå Bjørgvin vgs.

Årstad vidaregåande skule har vore inne i ein periode med mykje ombygging og endringar. Dette har gjort at det i forkant av kontraktinngåing med ekstern reinhaldar var vanskeleg å gjere eit fullstendig og godt prisoverslag for tenesta. Resultatet av dette er at prisen for reinhaldstenester har vore noko høgare enn det ein kan rekne med at ein eventuelt vil måtte betale for reinhaldstenester ved Årstad vgs ved gjennomføring av framtidige konkurransar. I prøveperioden har reinhaldskostnadene ved Årstad vore tilsvarande lik dei kostnadene ein hadde ved bruk av egne reinhaldararar tidlegare. Noko økonomisk evaluering utover dette vert vanskeleg å gjennomføre slik forholda har vore med ombygging på skulen, men ein kan ta utgangspunkt i at ein ved eventuelle framtidige konkurransar vil kunne oppnå ein viss økonomisk gevinst også her.

For Nordahl Grieg vgs har det økonomiske aspektet knytt til konkurranseutsetjing av reinhaldstenestene vore fordelaktig målt i kroner og øre. Her har kostnadskutt knytt direkte til bruk av ekstern aktør vore på ca. 1.000.000,- årleg. Kvaliteten på tenesta har derimot vore særdeles dårleg og mangelfull. Dette har vore av ein slik karakter at det økonomiske aspektet ikkje vil vere mogeleg å evaluere når ein ser kostnadskutta opp mot kvalitet på levert teneste. Nordahl Grieg har etter eige ønske gått tilbake til bruk av egne reinhaldararar. Noko konkret økonomisk evaluering let seg ikkje gjennomføre med bakgrunn i store manglar ved utføring av tenester og kvalitet på reinhaldet.

Til trass for fleire utfordringar vil det om ein ser prøveperioden under eitt ikkje vere knytt større kostnader til bruk av eksterne reinhaldstenester, og ein vil totalt sett kunne rekne med at ein ved framtidige konkurranseutsetjingar også vil kunne oppnå ein viss grad av direkte kostnadskutt og økonomiske innsparingar på reinhaldet. Bruk av ekstern leverandør bidreg også til meir indirekte innsparingar i form av bortfall av personalansvar og administrasjonskostnader på skulane. Dei kostnadskutta ein har oppnådd knytt til dette, har vore vanskelege å prissette for skulane. Ein må likevel rekne med at det ved konkurranseutsett reinhald ligg eit relativt stort innsparingspotensiale på dette området.

Internt tilbod og organisering av fylkeskommunalt reinhald

Den einskilde skule har løns- og personalansvar for sine reinhaldarar. Budsjettansvaret for reinhaldet på skulane har fylkesdirektøren for opplæring som tildeler skulane ei budsjettamme som også skal dekke reinhald.

Ein stor del av den faglege oppfølginga vert gjort av konsulent som er tilsett i egedomsavdelinga. Fylkeskommunen har difor ikkje ei samanhengande og sentral organisering av reinhaldet. Det går difor ikkje direkte å samanlikne eigen kostnad av fylkeskommunalt reinhald med dei prisane som tilbydarane i ein anbodskonkurranse gjev. Langt mindre er det difor mogleg for fylkeskommunen etter anbudsreglar å gje eit eige tilbod i konkurranse med private tilbydarar. Dette ville fyrst krevje ei omorganisering, der alt reinhald som skal konkurranseutsetjast vert lagt inn under eigen juridisk eining som har løns - og personalansvar. Prosjektgruppa vurderte om dette kunne la seg gjere, og kontakta blant anna Os kommune som har konkurranseutsett sitt reinhald. I Os kommune la ei eigen reinhaldsavdeling inn eit tilbod i anbodskonkurranse, men byrja ei omorganisering av reinhaldsfunksjonen fleire år før anbodskonkurransen vart gjennomført.

I forkant av konkurranseutsetjinga vart det gjennomført tilsetjingsstopp av reinhaldarar i fylkeskommunen. Alle aktuelle og ledige stillingar vart tilbode reinhaldarane på Bjørgvin vgs og Årstad vgs. Dette bidrog til at nokre av reinhaldarane vart overført til andre jobbar i fylkeskommunen. Dei resterande reinhaldarane fekk tilbod om ny jobb hjå selskapet som overtok reinhaldsansvaret. Det var i forkant av konkurranseutsetjinga forventa at fleire av reinhaldarane ville takke ja til tilbod om overgang. I ettertid har det vist seg at berre ein av reinhaldarane gjekk over til nytt selskap, medan dei andre reinhaldarane i staden vart ein del av overtalsproblematikken i HFK.

Vedkomande som gjekk over, var berre tilsett ei kort tid i det eksterne selskapet. I vedtaket om «prøveordning vedrørende konkurranseutsetjing av reinhald» frå Fylkesutvalet den 22.01.09 vart det lagt vekt på at psykososialt arbeidsmiljø skulle vere eit sentralt tema i evalueringa. Med bakgrunn i at berre ein av dei tidlegare reinhaldarane ved Årstad vgs og Bjørgvin vgs nytta seg av tilbod om overgang til nytt selskap, vert ei evaluering av korleis verksemdsoverdraginga verka inn på dei reinhaldarane som bytte arbeidsgjevar, ikkje mogeleg. Det psykososiale aspektet er i så måte ikkje målbart i denne evalueringa.

I høve det personalmessige aspektet vert det ved personalseksjonen understreka at Hordaland Fylkeskommune skal redusere uønskt deltid. Eit av hovudpunkta i Deloitte sin forvaltningsrevisjon av personalforvaltninga i HFK var det høge tal på tilsette som gjekk i deltidsstillingar. Det er i høve dette talet ikkje spesifisert om dette gjeld ønska eller uønska deltid. I evalueringa av levert teneste kom det mellom anna merknader frå Bjørgvin vgs om at det til dels er store utskiftingar av reinhaldarar og bruk av vikarar hjå eksterne leverandør.

Oppsummering

Erfaringane med konkurranseutsett reinhald er delte. Reint økonomisk kan det sjå ut til at eksternt reinhald er litt gunstigare enn eige reinhald. Men tala er ikkje heilt samanliknbare av di reinhaldstenestene i Hordaland fylkeskommune ikkje er organisert som ei eigen eining.

Som det går fram av framstillinga over, er kvaliteten på dei leverte reinhaldstenestane tilfredsstillande på to skular og svært dårleg på den eine skulen. I det siste høvet er det feilprising av tenestene som er hovudårsak til at det er levert for dårlege tenester. Det er likevel ein del utfordringar knytt til eksterne reinhaldarar. Dette gjeld i særleg grad ved klager på utført reinhald, der eksterne leverandør vanlegvis ikkje får retta opp i klager fortløpande. Dette gjeld også ved uføresette uhell eller i andre tilfelle der det skulle vore rydda opp snarleg. Denne typen problemstillingar grunnar i at tidspunkt for når reinhaldsbehov melder seg, tidvis fell utanfor dei kontraktmessige arbeidstider leverandør er plikta å forholde seg til. Ved bruk av eigne reinhaldarar hadde skulane i større grad tilgjengeleg reinhaldspersonell gjennom heile dagen. Ser ein dette i eit økonomisk perspektiv, ville ei tilsvarande ordning knytt til fleksibilitet hjå eksterne reinhaldsleverandør ha auka prisen på deira tenester betrakteleg.

Skulane har også merknader til at det er relativt store utskiftingar av reinhaldarar og bruk av vikarar hjå leverandør. Dette gjeld i særleg grad hjå Bjørgvin vgs. Bjørgvin vgs stiller også spørsmålsteikn ved reinhaldet i feriar. Det vert stilt spørsmål ved kvalitet på reinhaldet i desse periodane, og i kor stor grad reinhaldet faktisk vert dagleg gjennomført i samsvar med dei avtalar som ligg i kontrakt, når skulane står tomme i ferieperiodar. Noko usikkerheit knytt til dette vert også kommentert frå Årstad vgs.

Frå skulane vert det presisert at bortfall av personalansvar er det elementet som skil seg positivt ut ved bruk av ekstern leverandør. Men evalueringa syner at ved eksternt reinhald er det fleire som har deltidsstillingar og at vikarbruken er større enn ved eige reinhald. Som nemnt over skal Hordaland Fylkeskommune redusere uønska deltid.

Med dette som utgangspunkt vil fylkesrådmannen rå til at ordninga med eksternt reinhald berre vert vidareført ved Årstad, inntil utbygginga ved skulen er ferdigstilt. Ved Bjørgvin skal det i ein overgangsperiode vere undervisning etter at skulen er lagt ned, og fylkesrådmannen rår til at ordninga med eksternt reinhald vert vidareført så lenge bygget er i bruk.

Ved Nordahl Grieg er erfaringane med eksternt reinhald så dårlege at rådmannen rår til at reinhaldet vert utført av eigne reinhaldarar. Også andre fylkeskommunale einingar med leigereinhold bør få ei ordning med eigne reinhaldarar. Reinhaldet på Fylkeshuset, Wigandgården og eininga for Bybanen har over lengre tid vorte utført av ekstern aktør (Metode Renhod AS).

Fylkesrådmannen meiner det er behov for ein gjennomgang av organiseringa av reinhaldstenestene for mellom anna å sjå på om det er mogeleg og tilrådeleg å etablere ein eigen vikarpool for skular og andre einingar. I første omgang er dette aktuelt i sentrum av Bergen, der det er kort avstand mellom dei fylkeskommunale einingane.

Innføring av ein vikarpool vil ha som mål å redusere uønskt deltid, samt å lette arbeidet med å skaffe vikarar. Vidare vil eigne faste tilsette få eit nettverk og ein fellesskap knytt til eigen arbeidsplass og eit eigarforhold til jobben.



Arkivnr: 2014/862-6
Saksbehandlar: Anne Sara Svendsen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	8/14	31.03.2014
Opplærings- og helseutvalet	21/14	08.04.2014
Fylkesutvalet		23.04.2014
Fylkestinget		11.06.2014

Forvaltningsrevisjon innan fagopplæring i Hordaland fylkeskommune - revisjonsrapport

Samandrag

Fylkestinget gjorde i møte 10.-11.12.2013, sak 87/13, slikt vedtak:

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapporten "Fagopplæring i Hordaland fylkeskommune", ber fylkestinget fylkesrådmannen syte for å:

- *Vurdere 9 konkrete tilrådingar i høve til kva forbetrande tiltak som kan settast inn.*
- *Lage ein handlingsplan innan 01.03.2014 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksetjinga.*

Handlingsplan med tiltak i prioritert rekkefølge:

	Vedtak frå fylkestinget	Planlagt framdrift	Planlagde tiltak	Ansvar
1	<i>Undersøkje om det er mogleg på ein systematisk måte å sikre at listene over lærebedrifter er oppdaterte og ikkje inneheld avvikla verksemdar.</i>	Ferdig 15.4.14	Årleg gjennomgang av bedriftsdata-basen, årlege lister frå opplæringskontora på endringar i medlemsmassen, meir aktiv bruk av offentlege register for å sikre opplysningar, årleg orienteringssak	Fylkesdir. opplæring
2	<i>Vurdere å leggje fram lister for Yrkesopplæringsnemnda over bedrifter som søker godkjenning</i>	Drøftast med YON innan 6.5.14.	Avklare roller, ansvarsfordeling, saksgang og rutinar.	Fylkesdir. Opplæring
3	<i>Sikre at det blir gitt tilstrekkeleg informasjon om lærekandidatordninga, og oppretthalde fokus på å informere skulane om korleis dei best kan leggje til rette for lærekandi-</i>	Informerer på rådgivarsamlingane med ungdomsskulen og vg skule haust og vår. Informerer i møte med skule, lære-	Tettare samarbeid med bedriftene på deira premissar. Samarbeid med OT/PPT, NAV og skulane om kven lærekandidatordninga er for, og kva muligheiter som finst. Syte for at ordninga vert omtalt godt	Fylkesdir. opplæring

	Vedtak frå fylkestinget	Planlagt framdrift	Planlagde tiltak	Ansvar
	<i>datane</i>	kandidat og bedrift før dei inngår opplæringskontrakt. Promoterer sluttproduktet etter grunnkompetanseprosjektet, eit hefte om Yrkesfagleg grunnutdanning.	i søkjarhandboka.	
4	<i>Vurdere om det er mogleg å auke talet på læreplassar i eigen organisasjon</i>	Konklusjon i løpet av våren -14. Må sjåast på i samband med budsjettarbeidet.	Avklare kor mange lærlingar i kva fag som kan få plass i HFK i åra framover.	Fylkesdir. organisasjon
5	<i>Prioritere oppfølging av lærebedrifter og opplæringskontor. Oppfølginga bør gjerast på bakgrunn av systematiske risiko-vurderingar</i>	Lage plan for arbeidet innan 31.5.2014 Avklare ressurs-tilgang for bedrifts-besøk innan 30.6.14	Systematisere innsamling av data frå bedrifter og lærlingar. Kvalitetssikre arbeidet med bedrifts-besøk Årleg besøke alle oppl.kontor og eit visst tal på bedrifter ut frå fokus-område	Fylkesdir. opplæring
6	<i>Prioritere å utarbeide oversikter over bedrifter med mange hevingssaker, og å ha ei aktiv oppfølging av desse</i>	Sjå i samanheng med punktet over Lage plan for arbeidet innan 31.5.2014 Avklare ressurs-tilgang for bedrifts-besøk innan 30.6.14	Forbetre statistikkgrunnlaget og finne dei reelle årsakene til hevingar og stryk så langt råd. Prioritere oppfølging av bedrifter med mange hevingar, tydelege «problemhevingar» og bedrifter med mange stryk. Informasjon til lærlingar og bedrifter	Fylkesdir. opplæring
7	<i>Sikre at flest mogleg gjennomfører instruktørkurs</i>	Høg prioritet frå 1.1.14 og dei næraste 3-5 åra. Sak om rutinar og opptrappingsplan blir lagt fram på møtet i OPHE 3.6.14	Auke kapasiteten ved å: <ul style="list-style-type: none"> • Prøve ut eindagskurs • Ha tilbod om kveldskurs • Ha fleire bransjespesifikke kurs • Auke talet på ordinære kurs Kvalitetssikre innkalling og oppfølging av faglege leiarar	Fylkesdir. opplæring
8	<i>Sikre at saksframlegga i politiske saker knytt til dimensjonering av opplæringstilbodet gir tydeleg informasjon om og oversikt over tilgang på læreplassar innanfor ulike fagområde</i>	Avklare rutinar innan juni 2014. Samarbeidsprosjekt 1.9.-31.10.14.	Avklare rutinar for arbeidet internt i opplæringsavdelinga. Også inkludere læreplasstal i samband med prognoseinntaket. Samarbeidsprosjekt med opplæringskontor i TIP og EL.	Fylkesdir. opplæring
9	<i>Lage ordningar for jamleg å minne lærlingar om kva rettar dei har og kven dei kan kontakte dersom dei opplever problem i læreforholdet</i>	Plan ferdig innan 30.6.14. Iverksetting av tiltak frå 2015.	Følgjande tiltak kan vere aktuelle: <ul style="list-style-type: none"> • Samarbeid med opplæringskontora om informasjonsmøte for nye lærlingar • Fagopplæringskontoret arrangerer årlege informasjonsmøte for nye 	Fylkesdir. opplæring

	Vedtak frå fylkestinget	Planlagt framdrift	Planlagde tiltak	Ansvar
			lærlingar utanfor oppl.kontor • Kartlegge om lærlingombod kan vere ei føremålstenleg ordning	

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget tar planen til orientering
2. Fylkestinget ber om at nødvendige ressursar vert stilt til rådvelde slik at tiltaka kan gjennomførast som planlagt.

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 31.03.2014

Vedtak

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 17.03.2014

Bakgrunn

Kontrollutvalet gjorde dette vedtaket i sak 4/13 i møte 11.02.13:

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon av fagopplæring i Hordaland fylkeskommune, frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Det vert akseptert ein samla timerressurs på inntil det timetal som ligg i prosjektplanen, inkludert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i fylkestinget.
3. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 2.9.2013, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Føremålet med prosjektet er å undersøkje om dei rutinar og system som fylkeskommunen har for oppfølging av lærlingar og lærebedrifter er tilfredsstillande og i samsvar med lover og reglar.

Deloitte AS sin rapport låg føre i oktober 2013, og omfattar konkrete tilrådingar for å betre kvaliteten i fag- og yrkesopplæringa.

Fylkestinget gjorde i møte 10.-11.12.2013, sak 87/13, følgjande vedtak:

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapporten "Fagopplæring i Hordaland fylkeskommune", ber fylkestinget fylkesrådmannen syte for å:

1. Vurdere å leggje fram lister for Yrkesopplæringsnemnda over bedrifter som søker godkjenning og som innfrir formalkrav, for å få kjennskap til eventuelle risikoforhold medlemmene i yrkesopplæringsnemnda har om søkjarbedriftene.
2. Sikre at flest mogleg gjennomfører instruktørkurs for å bidra til å sikre at lærlingane får den oppfølginga og det faglege innhaldet dei har krav på i læretida.
3. Sikre at saksframlegga i politiske saker knytt til dimensjonering av opplæringstilbodet gir tydeleg informasjon om og oversikt over tilgang på læreplassar innanfor ulike fagområde.
4. Undersøkje om det er mogleg å på ein systematisk måte sikre at listene over lærebedrifter er oppdaterte og ikkje inneheldt avvikla verksemder.
5. Prioritere oppfølging av lærebedrifter og opplæringskontor. Oppfølginga bør gjerast på bakgrunn av systematiske risikovurderingar som mellom anna tek utgangspunkt i rapportering frå bedrifter.
6. Vurdere om det er mogleg å auke talet på læreplassar i eigen organisasjon.
7. Sikre at det blir gitt tilstrekkeleg informasjon om lære kandidatordninga, og oppretthalde fokus på å informere skulane om korleis dei best kan leggje til rette for lære kandidatane.
8. Prioritere å utarbeide oversikter over bedrifter med mange hevingssaker, og å ha ei aktiv oppfølging av desse.
9. Lage ordningar for jamleg å minne lærlingar om kva rettar dei har og kven dei kan kontakte dersom dei opplever problem i læreforholdet.
10. Lage ein handlingsplan innan 01.03.2014 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksetjinga.

Handlingsplan

Vurdere å leggje fram lister for Yrkesopplæringsnemnda over bedrifter som søker godkjenning og som innfrir formalkrav, for å få kjennskap til eventuelle risikoforhold medlemmene i yrkesopplæringsnemnda har om søkjarbedriftene.

I dag er godkjenningsfullmakta delegert til fagopplæringssjefen, og praksis er at lister over nye, godkjende lærebedrifter blir lagt fram for Yrkesopplæringsnemnda til orientering.

Fylkesrådmannen ønskjer å gå i nærare dialog med Yrkesopplæringsnemnda, og å greie ut nærare kva krav og kriterium som skal leggest til grunn ved godkjenning av lærebedrifter og korleis sakshandsamingsrutinane eventuelt kan endrast på dette punktet. Dersom ein ny instans skal inn i

sakshandsaminga, er det viktig å avklare kva rolle og ansvar som ligg til denne instansen. Det vil også vere viktig at sakshandsamingstida ikkje vert særleg lenger enn i dag.

Saka vert drøfta med Yrkesopplæringsnemnda innan 6.5.14.

Ansvarleg for iverksetting: Fylkesdirektør for opplæring.

Sikre at flest mogleg gjennomfører instruktørkurs for å bidra til å sikre at lærlingane får den oppfølginga og det faglege innhaldet dei har krav på i læretida.

Det er i dag rundt 1200 aktive faglege leiarar i Hordaland som ikkje har gjennomført kurs, og i tillegg kjem eit stort tal instruktørar. Det er også jamt endringar i kven som er faglege leiarar og instruktørar i bedriftene. Fagopplæringskontoret har dei siste åra kursa 5-600 personar årleg. Kurskapasiteten må derfor aukast monaleg for å kunne tilby kurs til alle faglege leiarar. Vi må også få på plass gode rutinar for innkalling og oppfølging av dei som ikkje møter på kurs.

Dagens kurs er utarbeidd som eit to-dagars kurs (14 timar) for rundt 25 deltakarar per kurs.

Fagopplæringskontoret har gjort forsøk med dagskurs på 9 timar, der ein aukar talet på deltakarar til opp mot 50 personar. Tilbodet om eindagskurs har blitt godt mottatt av deltakarane. Denne typen kurs vert i større grad førelesing med mindre rom for gruppearbeid og dialog, og skal evaluerast grundig i juni månad med tanke på utbyttet til dei som har deltatt. Dersom konklusjonen er positiv, er det aktuelt å leggje om til dagskurs frå hausten av.

Fagopplæringskontoret vil også ha tilbod om kveldskurs for dei som har vanskar med å møte på dagtid, og det vert lagt opp til ein auke i talet på kurs for enkeltbedrifter og -bransjar.

Innhaldet i instruktørkurset vert koordinert med innhaldet i det innleiande informasjonsmøtet. På informasjonsmøtet er det planlagt å bruke noko meir tid på enkeltemne, bl.a. intern opplæringsplan, som vi veit lærebedriftene opplever som eit litt vanskeleg område.

Opplæringa av faglege leiarar må ha stort fokus dei næraste 3-5 åra. Vi arbeider med ein fullstendig opptrappingsplan og rutinegjennomgang for kursverksemda. Dette vert lagt fram som eiga politisk sak 3.6.14.

Opptrapping av kursverksemda vil ha ressursmessige konsekvensar for fagopplæringskontoret, i og med at all administrasjon av kursa vert gjort der. Fagopplæringskontoret informerer om kursa, har kontakten med kurshaldarane, skaffar kurslokale, set opp kursa, sender ut informasjon til aktuelle deltakarar, administrerer påmeldingar og avmeldingar, held ved like og syter for kursmateriell, bestiller mat og drikke og ryddar kurslokale. I sum utgjer dette mange arbeidstimar. Auka kursaktivitet vil derfor føre til auka behov for ressursar, eventuelt innkjøp av tenester.

Ansvarleg for iverksetting: Fylkesdirektør for opplæring

Sikre at saksframlegga i politiske saker knytt til dimensjonering av opplæringstilbodet gir tydeleg informasjon om og oversikt over tilgang på læreplassar innanfor ulike fagområde.

Klassesaka har tradisjonelt hatt skulefokus og har så langt ikkje inkludert den delen av fag- og yrkesopplæringa som omhandlar opplæring i bedrift. Nye rutinar for kva klassesaka skal omfatte og korleis det årlege arbeidet med saka skal leggjast opp, blir tatt opp i leiargruppa innan juni 2014.

Å ha oversikt over læreplass-situasjonen er viktig, fordi tala vil kunne seie noko om søkjarane sine mogelegheiter til å få fullført utdanninga dei vil starte på. Ikkje minst er dette viktig innan dei bransjane der vi manglar læreplassar. Fleire år på rad har vi hatt Vg3-tilbod innan blant anna plate/sveis, industrimekanikar, bilfag og elektrikarfaget. Fagopplæringskontoret ønskjer i år å lage eit kortvarig samarbeidsprosjekt saman med nokre av opplæringskontora innan desse fagområda, for å få synleggjort problematikken betre, og drøfte kva opplæringskontora kan gjere for å skaffe mest mogleg reelle tal i samband med klassesaka. Vi veit at det er interesse blant opplæringskontora for å vere med på dette.

Prosjektet bør settast i gang rundt 1. september, og ha ein konklusjon klar 31. oktober -14. I samband med prosjektet bør også talet på lærebedrifter i høve til det totale talet på bedrifter innan den enkelte bransje drøftast.

I tillegg til å ha med læreplasztal i klassesaka om hausten bør oversikt over læreplassar også takast med i samband med prognoseinntaket som kjem i mars månad kvart år.

Ansvarleg for iverksetting: Fylkesdirektør for opplæring

Undersøkje om det er mogleg å på ein systematisk måte sikre at listene over lærebedrifter er oppdaterte og ikkje inneheld avvikla verksemdar.

Vigo er databasen der alt som gjeld fag- og yrkesopplæringa, blir registrert og er utgangspunktet for oversikter og statistikk. Her kan det oppstå feil av ulike årsaker:

- Datasystemet er ikkje optimalt i høve til ønska bruk
- Registreringa som blir gjort i Vigo, er ikkje nøyaktig nok eller er ikkje a jour
- Bedriftene og opplæringskontora melder ikkje inn til fagopplæringskontoret når det skjer endringar, slik dei er forplikta til

Fagopplæringskontoret kjem til å kvalitetssikre rutineane i løpet av våren 2014. Ein del av vurderinga blir om vi skal ta ein full gjennomgang av bedriftsdelen av databasen fleire gonger i året, om vi skal be opplæringskontora årleg sende inn lister på endringar i medlemsmassen, og om vi kan bruke til dømes Brønnøysund-registeret meir aktivt for å vere a jour med bedriftsopplysningar.

Om årlege saker i høve til endringar i bedrifts-massen skal leggest fram politisk, skal også vurderast. Gjennomgangen skal vere ferdig innan 15.4.14.

Ansvarleg for iverksetting: Fylkesdirektør for opplæring

Prioritere oppfølging av lærebedrifter og opplæringskontor. Oppfølginga bør gjerast på bakgrunn av systematiske risikovurderingar som mellom anna tek utgangspunkt i rapportering frå bedrifter.

Fagopplæringskontoret vil lage ein plan for systematisert innsamling av data for læretilhøva, slik at vi får eit best mogleg grunnlag for arbeidet med bedriftsoppfølging:

- Ta inn i årshjulet kva rapportar som skal køyrast når (Vigo/PULS)
- Innføre årsrapportering frå bedriftene frå og med denne våren
- Innføre lærlingundersøkinga frå hausten 2014 (årleg eller annakvart år)
- Gjennomføre tettare møteverksemd med opplæringskontora v/ arbeidsutvalet

I tillegg vil vi:

- Kvalitetssikre korleis bedriftsbesøka skal gjennomførast. Kven skal delta på møtet, agenda, oppfølging etter møtet osv.
- Lage ein plan med måltal for arbeidet

Ha som målsetting å:

- Besøke alle opplæringskontor årleg
- Besøke eit visst tal på bedrifter årleg ut frå vald fokusområde (systematikk ut frå rapportsvar, hevingsaker, bransje eller liknande) frå og med 2014

Arbeidet med oppfølging av bedrifter er svært ressurskrevjande. Sjølv med systematikk og rutinar på plass må bedriftsbesøk førebuast og følgjast opp i etterkant. Sjølve besøket tek mykje tid, og det kan vere vanskeleg å nå meir enn to bedrifter per dag sjølv om bedriftene er lokaliserte nær kvarandre. Vi skal snakke med både fagleg leiar og lærlingar, og gjerne også dagleg leiar. Det må vere ein viss systematikk på vitjinga, så vi sikrar at alle relevante tema vert gjennomgått.

Erfaringa tilseier at bedriftsbesøk genererer oppfølgingsarbeid, både for å få løyst eventuelle problemsaker, men også fordi lærlingar og bedriftsrepresentantar får eit ansikt og eit namn på fagopplæringskontoret å halde seg til. På sikt er dette hjelp til sjølvhjelp for fagopplæringskontoret fordi ein kan få avklart potensielle

konfliktsaker i tide, og spreidd informasjon som kan demme opp for mistydingar. Men innleiingsvis, og for ein lengre periode, vil oppfølginga av bedrifter krevje mykje ressursar.

Ein god modell for bedriftsbesøk er at to sakshandsamarar gjennomfører besøket saman, og at det blir brukt same struktur for innhaldet i møtet og kven som skal delta. Bedriftene skal vere orienterte på førehand, og skal også ha fått tilsendt tal og informasjon som blir tatt opp på møtet (t d frå lærlingundersøkinga) før møtet.

I Hordaland hadde vi per 31.12.2013 1282 aktive lærebedrifter, altså bedrifter med lærlingar/lærekandidatar. 879 av desse var medlemsbedrifter i opplæringskontor, og 403 bedrifter var sjølvstendige lærebedrifter. Talet på lærlingar/lærekandidatar var tilsvarande 3087 og 1387. Talet på opplæringskontor som dekkjer dei 879 medlemsbedriftene, er 45.

Rundt 70% av sjølvstendige bedrifter og medlemsbedrifter har 1-2 lærlingar/lærekandidatar. Oppfølging av lærlingar og bedrifter vil derfor medføre mange turar rundt i fylket. Legg vi inn ein føresetnad om at eit team på to personar kan gjennomføre 6-7 bedriftsbesøk per veke (inkludert for- og etterarbeid), kan teamet klare 250-300 bedrifter på eitt år. Utan auka ressursar på dette området vil det dermed ta svært lang tid å få besøkt alle aktive bedrifter og opplæringskontor.

Fagopplæringskontoret vil vurdere rutinane for bedriftsoppfølging og også sjå på kva som kan forenklast i denne samanheng. Møtedokumentasjonen må ikkje vere meir omfattande enn nødvendig, og underlagsmaterialet for besøket må kunne skaffast lettvis.

Ansvarleg for iverksetting: Fylkesdirektør for opplæring

Vurdere om det er mogleg å auke talet på læreplassar i eigen organisasjon.

Spørsmålet om fleire lærlingar i eigen organisasjon vart tatt opp i møte mellom Fagopplæringskontoret, Personaldirektøren og Fylkesdirektør Organisasjon 10.02.2014. På bakgrunn av dette møtet vart tema om fleire lærlingar i eigen organisasjon tatt opp i toppleiargruppa i Hordaland fylkeskommune 17.02.2014. Fylkesdirektør organisasjon og fagopplæringssjef orienterte den 17.02.2014 toppleiargruppa i Hordaland fylkeskommune om at det i forvaltningsrevisjonsrapporten vart peika på at fylkeskommunen bør auke talet på lærlingar i eiga verksemd. For tida er det 23 lærlingar i fylkeskommunen. Nasjonalt er målsetjinga å auke talet på lærlingar med 20 % innan 2015.

Det vart presisert at fylkeskommunen har potensiale til å auke talet på lærlingar. Det kom fram i møtet at det er aktuelt å vurdere budsjettpost for å stimulere til fleire læreplassar i organisasjonen. Fagopplæringssjefen vart beden om å kome med eit notat over aktuelle lærefag i fylkeskommunen med sikte på å auke lærlingtalet alt frå komande haust, og ytterlegare i 2015. Notatet går til fylkesdirektør organisasjon for oppfølging.

KS har sett ei norm for kor mange lærlingar kvar kommune bør ha, og måtalet er ein lærling per 1000 innbyggjarar. Nokre få kommunar i Hordaland ligg over dette, men dei fleste ligg under. I Rogaland har KS sitt rådmannsutval vedteke at KS-norma skal gjelde. Det same bør vurderast i Hordaland.

Ansvarleg for iverksetting: Fylkesdirektør for organisasjon

Sikre at det blir gitt tilstrekkeleg informasjon om lærekandidatordninga, og oppretthalde fokus på å informere skulane om korleis dei best kan leggje til rette for lærekandidatane.

Lærekandidatordninga er noko opplæringsavdelinga har prioritert høgt over ein periode. Mellom anna hadde opplæringsavdelinga eit prosjekt knytt til ordninga grunnkompetanse i perioden 2010-2012.

Det å arbeide med ordninga krev tett oppfølging frå opplæringsavdelinga. Det har vore ein person tilsett på Fagopplæringskontoret som har arbeidd 100% med denne ordninga. Dersom vi skal ta dette arbeidet på alvor, er ikkje dette nok. Dette krev tett oppfølging både av elevane og lærekandidatane som har målsetjing om ein sluttkompetanse lågare enn fag-/sveinebrev. Vi kan i denne samanheng nemne at dei i nabofylket

Sogn og Fjordane, som er eit mykje mindre fylke enn Hordaland i opplærings-samanheng, også har ein person som arbeider 100% med dette.

Vi er i denne ordninga, som i alle ordningane, avhengige av at bedriftene stiller opp. Dette er tungt og krevjande arbeid som krev oppfølging over tid. Vi erfarer at bedriftene i mange samanhengar ikkje ønskjer å ta inn lære-kandidatar, og det kan vere trong for å etablere slutt-opplæringsløp som eit alternativ til lære-plass.

Ansvarleg for iverksetting: Fylkesdirektør for opplæring

Prioritere å utarbeide oversikter over bedrifter med mange hevingssaker, og å ha ei aktiv oppfølging av desse.

Hevingssakene er samansette når det gjeld bakgrunn og årsaker til at lærekontraktar og opplæringskontraktar blir heva. Det same gjeld årsaker til at lærlingar stryk til fag-/sveineprøva. Fagopplæringskontoret vil prioritere oppfølging av bedrifter med mange hevingssaker og tydelege «problemhevingar», og bedrifter med mange stryk. Samstundes vil vi arbeide vidare med å forbetre statistikkgrunnlaget vi har på området, slik at vi så langt råd klarer å kartleggje dei reelle årsakene til hevingar og stryk. Dette vil også lette arbeidet med korleis vi skal prioritere. Informasjonsarbeid overfor lærlingar og lærebedrifter må også vere ein del av dette arbeidet.

Aktiv oppfølging av hevingssaker vil vere ressurskrevjande. Det vil krevje tid i form av møteverksemd og tett oppfølging. Sjølve hevingssaka kan vere vanskeleg og konfliktfylt og krevjande på den måten. I nokre tilfelle kan ein tenkje seg at vi i siste konsekvens må take godkjenninga frå lærebedrifta, ein prosess som også tek tid og skal gjennomførast etter faste retningslinjer.

Fagopplæringskontoret og OT/PPT er i eit samarbeid kring dette problemområdet. Ein vil i første omgang prøve ut ei tilnærming innan to fagområde der det er mange hevingssaker. Det ligg ei forventning gjennom NY Giv-satsinga at Fagopplæringskontoret må/skal gjennomføre ein sluttamtale med kvar einskild lærling som hevar kontrakten. Med tanke på at dette dreiar seg om rundt 250 samtalar kvart år, så er dette ein omfattande jobb som vil krevje ressursar.

Ansvarleg for iverksetting: Fylkesdirektør for opplæring

Lage ordningar for jamleg å minne lærlingar om kva rettar dei har og kven dei kan kontakte dersom dei opplever problem i læreforholdet.

Dei fleste opplæringskontora har jamlege samlingar med lærlingar og lære-kandidatar, der også rettar og plikter i læretilhøvet er tema. Fagopplæringskontoret vert i ein del tilfelle inviterte til å snakke om desse tinga når opplæringskontor har samlingar for nye lærlingar.

Det er behov for ein betre struktur på informasjonsarbeidet om rettar og plikter, og det er også behov for nye arenaer der ein kan få informert. Fagopplæringskontoret vil i løpet av våren vurdere korleis arbeidet kan leggast opp. Følgjande tiltak kan vere aktuelle:

- Strukturert samarbeid med alle opplæringskontora om informasjonsmøte for nye lærlingar
- Fagopplæringskontoret kan i tillegg arrangere årlege informasjonsmøte for nye lærlingar i Bergen, Hardanger, Nordhordland og Sunnhordland.
- Dei fleste andre fylke har oppretta eige lærlingombod. Vi vil vurdere om dette kan vere ei føremålstenleg ordning ut frå kva erfaringar som har vore gjort andre stader.

Plan for dette arbeidet skal vere klar innan 30.6.14.

Ansvarleg for iverksetting: Fylkesdirektør for opplæring

Ressursar tilgjengeleg for fagopplæringskontoret.

Det er høge forventningar om å utvikle fag- og yrkesopplæringa til å bli meir profesjonell, og at ein kjem 'tettare på'. Område der dette er særleg viktig, er i høve til oppfølging av læreforhold i bedrift, oppfølging av hevingssaker, og oppfølging av dimensjonering og tilgjengelege lære plassar.

Vi har aldri før hatt så mange i lære i Hordaland fylkeskommune, med om lag 4450 kontraktar. Ambisjonane til partane i arbeidslivet og det offentlege er å auke talet på lære plassar med 20% innan 2015. Dette er nedfelt i samfunnskontrakten frå 2012. For Hordaland sitt vedkomande kan dette bety ein auke opp mot 2400 nye kontraktar kvart år, noko som gir opp mot 4800 løpande kontraktar.

Det er også i gong eit stort kvalitetssikringsarbeid knytt til fag- og yrkesopplæringa. Det skal gjennomførast årlege rapporteringar både frå lærebedriftene og lærlingane. Dette er lagt inn som lovpålagde oppgåver, som krev både meir ressursar og ein gjennomgang av kva type kompetanse ein treng.

Auka krav til kvalitet og dokumentasjon, samtidig med ein forventa volumauke, gjer at ein auke i ressursane er heilt naudsynt dersom ein skal følgje opp dei avvika som vert påpeika i Deloitte-rapporten.

Fagopplæringskontoret er i gong med ei omorganisering knytt til kontrollspennet for seksjonsleiar. Per i dag har seksjonsleiar oppfølging og personalansvar for heile kontoret, noko som omfattar 26 personar. Det vert også arbeidd med å setje saman kompetanseteam knytt til oppfølging, hevingar og arbeid med å få fleire ut i lære. Til å gjere denne jobben er ei styrking av kontoret med inntil fire nye rådgjevarar naudsynt. Plan for dette arbeidet vil vere klar i løpet av juni 2014.



Arkivnr: 2014/13793-1

Saksbehandlar: Monica Håkonsli

Saksframlegg Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet	22/14	08.04.2014

Forskriftsendring knytt til lærarane sine kompetansekrav.

Samandrag

Fylkesrådmannen viser til møte i OPHE 17.09.2013 der Opplærings- og helseutvalet bad om ei sak i etterkant av eit eventuelt vedtak om forskriftsendring i samsvar med sak 49/2013 knytt til lærarane sine kompetansekrav. Saka skal innehalde:

1. Kor mange lærarar som vil mangle kompetanse i tråd med ny forskrift .
2. Kor store kostnader det vil medføre for HFK å tilby etter- og vidareutdanning på frivillig basis til samtlige lærarar jfr. punkt 1.»

Forskriftsendringa har trått i kraft frå 01.01.2014. I Opplæringslova §10-2 er det krav om relevant utdanning i undervisningsfag. Den som skal undervise må ha minimum 60 studiepoeng i det faget han/ ho skal undervise i. Kravet gjeld berre for dei som er tilsett i skulen etter at OPPL§10-2 vert innført. Dette med unntak av dei som er tilsette i undervisningsstilling og som har påbyrja, men ikkje fullført ei utdanning som er naudsynt for å oppfylle krava §10-1.

Kartlegginga viser at det innanfor sentrale utdanningsprogram er eit stort behov for å leggje til rette for at fleire yrkesfaglærarar tek utdanning for å fylle formelle kompetansekrav. Innan programområda BA, EL og TIP er det eit kritisk kompetansebehov. Det er vanskeleg å rekruttere til desse tre programområda og spesielt vanskeleg innan TIP. Her en det naudsynt med eit fokus på korleis ein kan nå målet om fleire formelt kvalifiserte tilsette og behalde lærarar.

Hordaland Fylkeskommune arbeider no systematisk for å auke talet på utdanningsplassar retta mot desse målgruppene. Fylkesrådmannen estimerer kostnadene per år til om lag kroner 800 000 for skuleeigar fram til 2018, dersom alle skal få oppfylt formelle krav til grunnutdanning.

Forslag til vedtak

1. Opplærings – og helseutvalet tek saka til etterretning

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 18.03.2014

Fylkesrådmannen viser til sak fra OPHE 17.09.2013 sak 249/13 i samband med forskriftsendring knytt til lærerens kompetansekrav. OPHE ber om ei sak i etterkant av forskriftsendring knytt til lærerens kompetansekrav. Saka må innehalde:

Kor stort omfang av lærarane som manglar kompetanse i tråd med forskrift §14-3.

Kor store kostnader vil det medføre for HFK å tilby etter/vidareutdanning på frivillig basis til samtlege lærarar.

Kompetansekrav

Frå 01.01.2014 er det krava om relevant utdanning i undervisningsfag skjerpja. Den som skal undervise må ha minimum 60 studiepoeng i det faget han/ho skal undervise i. Kravet gjeld berre for dei som er tilsett i skulen etter at OPPL§10-2 vart innført. Dette med unnatak av dei som er tilsette i undersvingstilling og har påbyrja, men ikkje fullført ei utdanning som er naudsynt for å oppfylle krava i §10-1. Då vil kravet om å ha relevant kompetanse i undervisningsfaget gjelde. Dersom læraren ikkje fyller desse kompetansekrava skal han/ho ha ei mellombels tilsetjing jmf. opplæringslova § 10-6

I dei tilfella der skulen ikkje har naudsynt kompetanse, gjeld opplæringslova § 10-2 fjerde ledd; skuleigar kan så langt det er naudsynt fråvike krav om relevant kompetanse i undervisningsfaget i tilfelle der skulen ikkje har nok kvalifisert undervisningspersonell i faget. Det må takast stilling til dette kvart skuleår.

Opplæringslova § 10-1 og § 10-2 gjer klart kva kompetanse som krevst ved tilsetjing av undervisningspersonell. Lova slår fast at den som vert tilsett i skulen må ha relevant fagleg og pedagogisk kompetanse. I forskrift til Opplæringslova § 14-3 b er det gjort klart kva fagspesifikke kompetansekrav det er til dei som skal tilsetjast i den vidaregåande skulen. Innan dei yrkesfaglege utdanningsprogramma er det krav om at den som vert tilsett må fyller eitt av dei følgjande krava:

- 1) yrkesfaglærerutdanning, 180 studiepoeng.
- 2) universitet- eller høgskuleutdanning som samla utgjer minst 180 studiepoeng
- 3) fag- eller sveinebrev, 4 år yrkespraksis etter bestått fag- eller sveinebrev, 2-årig teoretisk utdanning kor av 60 studiepoeng skal vere innan undervisningsfaget, samt 60 studiepoeng pedagogisk kompetanse (til saman minst 180 studiepoeng)

Kartlegging av yrkesfaglærarar sin kompetanse

Fylkesdirektør for opplæring har kartlagt omfang lærarar som manglar kompetanse i tråd med forskrift §14-3. I kartlegginga er det nytta opplysningar frå Personalportalen, det skuleadministrative systemet, lønssystemet og informasjon frå skulane.

Tabell 1. Resultat av kartlegginga:

Utdanningsprogram	Tal på lærarar totalt	Tal på lærarar som manglar kompetanse	Tal på lærarar som er under utdanning
Bygg og anleggsteknikk (BA)	82	24	5
Design og handverk (DH)	43	1	--
Elektrofag (EL)	114	19	5
Helse og oppvekstfag (HO)	213	5	--
Medium og kommunikasjon (MK)	56	1	--
Naturbruk (NA)	92	0	--
Restaurant og matfag (RM)	51	2	--
Service og samferdsel (SS)	93	0	--
Teknikk og industriell produksjon (TIP)	200	65	15
sum	944	117	--

Tal på lærarar som er under utdanning er ikkje fullstendig. Det er lærarar som tek Praktisk pedagogisk utdanning (PPU) som ikkje er oppgitt i denne undersøkinga.

Som det går fram av tabellen over er det totalt 117 lærarar som manglar kompetanse i tråd med gjeldande forskrifter.

Tabellen 1 viser at det er tre programområde som skil seg ut i denne kartlegginga. Det er: Bygg og anleggsteknikk (BA), Elektrofag (EL) og Teknikk og industriellproduksjon (TIP). Her er det eit stort tal lærarar som manglar formell kompetanse.

Tabell 2. Oversikt over kva for utdanningar lærarane innan dei tre programområda manglar:

Utdanningsprogram	Manglar 2-årig	Manglar PPU	Manglar begge utdanningane	Sum som manglar kompetanse	Tal på skular
Bygg - og anleggsteknikk (BA)	15	3	6	24	14
Elektrofag (EL)	7	7	5	19	18
Teknikk og industriell produksjon (TIP)	25	18	22	65	21
SUM	47	28	33	108	--

Tabell 2 viser at det innan for desse faga er til saman 108 lærarar som manglar kompetanse i tråd med gjeldande forskrifter.

Dei fleste lærarane innan dei tradisjonelle utdanningsprogramma har fag- eller sveinebrev når dei vert tilsett i skulen og må bygge den formelle kompetansen etter at dei er tilsett.

Merk: Dei som her er registrerte med manglande yrkesteorori kan mangle alle eller delar av dei 120 studiepoenga som er kravd.

Behov i framtida.

Om lag 50% av lærarane innan yrkesfag er mellom 50 og 64 år. Det er 170 lærarar som er over 60 år. Det vil difor vere naudsynt å rekruttere nye lærarar dei kommande åra.

Kostnader for skuleeigar

Det er av fleire årsaker vanskeleg å estimere dei eksakte kostnadene for å sikre at alle yrkesfaglærarar skal fylle formelle kompetansekrav. Det er mellom anna ulike modellar for organisering av utdanninga, og kostnadene vil variere ut frå omfanget av tilbodet. Kostnadene vil og variere etter utdanningsbehov hjå søkjarane. I tillegg vil det i mange tilfelle vere naudsynt med organisatorisk tilrettelegging frå skulane si side. For skular som ligg i distrikta må ein i tillegg inkludere kostnader i samband med reise og opphald. Fylkesdirektør opplæring estimerer kostnadene per år til om lag kroner 800 000 for skuleeigar. Dette gjeld fram til 2018 dersom alle skal få oppfylt formelle krav til grunnutdanning.

Oppsummering

Kartlegginga viser at det innanfor sentrale utdanningsprogram er eit stort behov for å leggje til rette for at fleire yrkesfaglærarar tek utdanning for å fylle formelle kompetansekrav. Innan programområda BA, EL og TIP er det eit kritisk kompetansebehov. Det er vanskeleg å rekruttere til desse tre programområda og spesielt vanskeleg innan TIP. Her er det naudsynt med eit fokus på korleis ein kan nå målet om fleire formelt kvalifiserte tilsette og behalde lærarar.

Hordaland Fylkeskommune arbeider no systematisk for å auke talet på utdanningsplassar retta mot desse målgruppene. Det er mellom anna oppretta dialog med Høgskulen i Akershus og Høgskulen i Bergen om utvikling og tilrettelegging av tilpassa utdanningstilbod i HFK.



Arkivnr: 2014/12635-1

Saksbehandlar: Karl Viken

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet	23/14	08.04.2014
Fylkesutvalet		23.04.2014

Nye retningslinjer for avsetjing til frie fond ved dei vidaregåande skulane og Manger folkehøgskule.

Fylkesrådmannen viser til handsaming og vedtak i fylkestinget 10.12.13, sak nr. 62/13;

Vedtak: 'Noen skoler har, på ulike måter, klart å bygge seg opp fond. Noen midler kommer fra skolenes eksterne kursvirksomhet, andre fra overskudd på ordinær drift. Koalisjonen mener dette må vurderes i egen sak før vedtak om fondsmidlene treffes. Vi tar derfor ut fylkesrådmannens forslag om å trekke inn 10 mill. kr fra de vidaregåande skolenes fond i 2014, og ber om at dette blir tatt opp i en egen sak i opplærings- og helseutvalget og fylkesutvalget, hvor prinsipper for fondsbruk på skolene blir tatt særlig opp. Her bør også organiseringen av den eksterne kursvirksomheten vurderes nærmere, og sees opp mot f.eks. Rogalandsmodellen for organisering av de vidaregåande skolenes oppdragsvirksomhet.'

Samandrag

I denne saka vert det gjort framlegg om nye retningslinjer for dei vidaregåande skulane og Manger folkehøgskule si avsetjing til disponible fond. Organisering av skulane si oppdragsverksemd kjem fylkesrådmannen attende til i eiga sak.

Det er stor merksemd rundt dei disponible fonda til dei vidaregåande skulane. Fylkesrådmannen meiner at dagens ordning i hovudsak fungerer godt, men at det er trong for å innføra nokre retningslinjer. Framlegg til endringar er meint å stramme inn praksisen for fondsavsetjingar noko. Dette kan gjerast utan at incentiva bak ordninga fell vekk. Grensa for maksimalt disponibelt fond vert sett ved 5% av netto årsbudsjett for den einkilde skule; alternativt 0,75 % av totalt årsbudsjett for alle skulane.

Forslag til innstilling

Det vert oppretta nye retningslinjer for avsetjing til frie fond for dei vidaregåande skulane og Manger folkehøgskule som skissert i saka. Retningslinjene trår i kraft frå og med 01.01.2015 (ved årsoppgjeret for 2014).

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 18.03.2014

Fylkesrådmannen viser til handsaming og vedtak i fylkestinget 10.12.13, sak nr. 62/13;

«Noen skoler har, på ulike måter, klart å bygge seg opp fond. Noen midler kommer fra skolenes eksterne kursvirksomhet, andre fra overskudd på ordinær drift. Koalisjonen mener dette må vurderes i egen sak før vedtak om fondsmidlene treffes. Vi tar derfor ut fylkesrådmannens forslag om å trekke inn 10 mill. kr fra de videregående skolenes fond i 2014, og ber om at dette blir tatt opp i en egen sak i opplærings- og helseutvalget og fylkesutvalget, hvor prinsipper for fondsbruk på skolene blir tatt særlig opp. Her bør også organiseringen av den eksterne kursvirksomheten vurderes nærmere, og sees opp mot f.eks. Rogalandsmodellen for organisering av de videregående skolenes oppdragsvirksomhet».

I denne saka vert det gjort framlegg om nye retningslinjer for dei vidaregåande skulane si avsetjing til disponible fond. Ulike sider ved denne endringa vert gjennomgått. Organisering av skulane si oppdragsverksemd kjem fylkesrådmannen attende til i eiga sak.

Noverande ordning

Ordninga med avsetjing til frie fond er eit viktig element i økonomiforvaltninga ved skulane i fylkeskommunen. Ordninga sikrar at dei einskilde vidaregåande skulane og Manger folkehøgskule beheld overskot som dei klarar å opparbeida seg. På andre sida må eit eventuelt underskot i årsrekneskapen betalast attende i løpet av to år.

Overføring til og frå skulane sine fondskonti vert utført i samband med årsavslutninga av rekneskapen. Ein gitt skule med positivt årsresultat får overført overskotet til skulen sin fondskonto i fylkeskommunen sin balanse. Overskot vert også brukt til å sletta eventuelle underskot som er opparbeidd eitt eller to år tilbake i tid.

Døme:

Årsresultat 2013/ Overskot	1,5 mill.
Samla underskot 2011 og 2012	1,1 mill.
Overføring til skulen sitt frie fond	0,4 mill.

I dømet over har skulen overskot i årsrekneskapen for 2013 på 1,5 mill. Dette overskotet vert fyrst nytta til å slette gjeld frå 2011 og 2012 på 1,1 mill. Dei resterande kr 400 000 vert overført til skulen sin fondskonto.

Skulane har med andre ord to år på å betala attende underskotet. Dersom skulane ikkje klarer å betala attende underskotet på desse to åra, får skulane eit nedtrekk i årsbudsjettet sitt.

Døme:

Årsresultat 2013/ Underskot	1,5 mill.
Samla underskot 2011 og 2012	1,1 mill.
Overføring til skulen sitt frie fond	0
Overføring til underskotskonti	1,5 mill.
Nedtrekk Årsbudsjett 2014	1,1 mill.

I dømet over har skulen underskot i årsrekneskapen for 2013 på 1,5 mill. I tillegg dreg skulen på gjeld frå dei to føregåande budsjettåra. Den gamle gjelda er frå 2011 og vert difor arbeidd inn i budsjettet for 2014

som eit nedtrekk. Det nye underskotet som er opparbeidd i 2013 vert sett på underskotskonti. Med overskot i rekneskapan dei to neste åra, 2014 og 2015, vil dette underskotet kunne verta redusert eller sletta.

Oppsummert gjev ordninga med avsetjing til fondskonti og underskotskonti ein fleksibilitet i drifta ved dei vidaregåande skulane. Svingingar i skuleøkonomien frå år til år kan jamnast ut, og skulane kan finansiera større investeringar over meir enn eitt driftsbudsjett. Ordninga gjev incentiv til å ha økonomisk drift og overskot ved årets slutt. Utan ei slik ordning ville ein kunne få eit fokus på å bruka opp alle tildelte midlar på slutten av kvart budsjettår.

Omfang disponible fond ved skulane

Etter at rekneskapan for 2013 var avslutta, var dei frie disposisjonsfonda til skulane kome opp i 109,6 millionar kroner. Auken frå 2012 var på 7,5 mill. Utviklinga i totalt fond for skulane dei siste 5 åra er som vist i tabell under:

	Fond 2009	Fond 2010	Fond 2011	Fond 2012	Fond 2013
Totalt	71,6 mill.	84,1 mill.	83,1 mill.	102,1 mill.	109,6 mill.

Dei 109,6 millionane på fond pr. 31.12.2013 er fordelt på 36 skular/einingar (inkl. OT/PPT og Ulriken Skulesenter som no er del av hhv. Opplæringsavdelinga og Nordahl Grieg vgs). Under er ei opplisting av fonda:

Skole	Fondsmidlar pr 2013.
Nordahl Grieg videreg skole	8 438 664
Bergen maritime vgs.	7 946 189
Olsvikåsen vidaregåande skole	7 662 881
Etne vidaregåande skule	7 108 428
Bergen tekniske fagskole	6 866 847
Slåtthaug vidaregåande skole	5 525 481
Askøy vidaregåande skole	5 438 377
Bergens handelsgymnasium	5 195 694
Lønborg skole	5 084 582
Laksevåg vidaregåande skole	4 552 505
Os vgs.	4 546 952
OT/PPT	4 319 333
Fitjar vidaregåande skule	4 288 539
Fana gymnas	3 138 775
Årstad vgs	3 073 397
Odda vidaregåande skule	2 958 316
Bømlo vidaregåande skule	2 688 645
Ulriken skolesenter	2 394 864
Fusa vidaregåande skule	2 112 172
Øystese gymnas	2 067 641
Os gymnas	2 030 717
Stend jordbruksskule	1 963 015
Åsane vidaregåande skole	1 929 089
Voss gymnas	1 729 505
Osterøy vidaregåande skule	1 347 538
Voss vidaregåande skule	1 133 655
Austevoll vidaregåande skule	1 012 194
Stord vgs	954 742
Norheimsund yrkesskule	703 105
Bjergvin vidaregåande skole	696 631

Manger	275 634
Bergen katedralskole	176 856
Sotra vidaregåande skule	155 317
Tertnes vidareg.skole	67 240
Knarvik vgs	18 067
Austrheim vidaregåande skule	4 429
Totalt	109 606 016

Dei disponible fonda

Skulane si inntektsside

Inntektssida ved mange skular er ei viktig årsak til oppbygging av fond. Denne er igjen, i større eller mindre grad, gjeven ved ulik oppdragsverksemd som skulane utfører; til dømes ulike arbeidsmarknadskurs. Overskotet av denne verksemda beheld skulane i sin heilheit. Dette blir gjort fordi slike inntekter ikkje er del av budsjettmodellen for skulane. Med andre ord så ligg det ikkje eit inntektskrav i budsjettet til skular som har moglegheit for å drive med oppdragsverksemd.

Fylkeskommunen og Opplæringsavdelinga oppmodar skulane om å finna alternative inntektskjelder utanom budsjettmidlane som dei får tildelt frå fylkeskommunen. Slik verksemd gjev i dei aller fleste tilfelle eit økonomisk bidrag som styrkar skulen, og drifta ved skulen vert meir mangfaldig, og det å driva med oppdragsverksemd kan gjera skulen meir attraktiv som arbeidsgjevar.

Skulane si kostnadsside

Ei godt planlagd og kostnadseffektiv drift innanfor tildelt budsjetttramme har gjeve mange skular overskot og frie fondsmidlar på konto. Det skal relativt små skilnadar i organisering mellom relativt like skular til for å skape gevinstar. Relativt like skular kan ha eit noko ulikt kostnadsbilete på fleire parameter. Eksempelvis har nokre skular timerekneskap som sikrar ein størst mogleg bruk av ressursane på skulen. Dette bidrar til å generere overskot. Skilnaden kan vera på fleire millionar dersom ein samanliknar med skular som ikkje nyttar slike verkty i særleg grad. Det er også stor skilnad i bruk av overtid. Nokre skular har ein høg overtidskostnad, medan andre og relativt like skular har klart å kvitte seg med overtid som tidlegare var på fleire millionar kroner i året. Eit siste døme er at nokre skular har omorganisert til ein meir fleksibel bruk av personalressursane. Dette har endra og senka kostnadsnivået på både mindre og større skular.

Oppsummering

Det er ikkje ei tydeleg einskildårsak som er hovudgrunnen til at skulane byggjer seg opp frie fondsmidlar. Eksterne inntekter som kursverksend er viktig, men kostnadssida til skulane er vel så viktig. Det er å merka seg at det er 36 skular som har fondsmidlar. Av desse var det berre sju skular som i 2013 hadde oppdragsverksemd med meir enn 300 000 i overskot. Oppdragsverksemda hadde samla eit overskot på vel 10 millionar kroner i 2013, og 3 skular sat igjen med 7 av desse 10 millionane. Fondsoppbygging på skulane er såleis langt meir omfattande enn overskotet som skulane klarer å skapa gjennom oppdragsverksemd.

Fondsbeholdning pr. 2013 tyder heller ikkje at det er ein type skule som klarer å byggje seg opp fond. Nesten 3 av 4 skular har fondsmidlar. Blant desse skulane er det store skular, og det er små skular. Det er byskular og det er skular i distriktet. Oversikta inneheld både reine studiespesialiserande skular, blanda skular og yrkesfaglege skular. Det er med andre ord dei fleste typar av skular i oversikta. Det er fleire årsaker og faktorar som kan generere overskot og oppsparte fondsmidlar; eksempelvis ikkjebudsjetterte inntekter, økonomisk leiing og styring, god planlegging og budsjettering, organisering av drifta og fleksibilitet i høve til bruk av personalressursar.

Grunngjeving for nye retningslinjer

Fylkesrådmannen meiner at dagens ordning i hovudsak fungerer godt, men at det er trong for å innføra nokre retningslinjer. Det er fleire årsaker til dette;

- Omfanget av skulane sine disponible fond er no særst høgt. Det har vore ein auke både i totalt fond for alle skulane og for tal på skular som har disposisjonsfond. Fylkesrådmannen ser det ikkje som tenleg med ei vidare fondsoppbygging.
- Det er mangel på klarlagde mål for mange av millionane som står på disposisjonsfond. Det er ikkje meininga at skular skal sitje med store fondsbeløp i mange påfølgjande år utan at det er ein plan for desse midlane. Dei bør planleggjast i høve til lovpålagde oppgåver.
- Ein for stor fondsbeholdning kan vera til hinder for god økonomisk styring og fornuftig drift. Det kan verta ein buffer som gjer at skulen har dårlegare planlegging og mindre nøyaktig forbruk.
- Ei stor fondsoppbygging utan planlagde føremål kan også vera eit teikn på at skular har strammare drift enn dei i realiteten burde ha. Særskilt dersom dei oppnår eit godt økonomisk resultat samstundes som dei faglege måla ikkje vert oppnådd.
- Dei disponible fonda til skulane kan også gje eit noko feilaktig signal om at det er for gode budsjetttrammer i opplæringssektoren. Det vil då kunne vera vanskeleg å få midlar til nye tiltak som skal setjast i verk.
- Det er ulike føresetnader frå skule til skule i høve til å skaffe seg inntekter som kan generere overskot og fondsmidlar. Fylkeskommunen har kostnader ved oppdragsverksemda ute på skulane, medan den einskilde skule med oppdragsverksemd beheld heile overskotet sjølv. Eit visst 'konsernbidrag' til fylkeskommunen frå overskot av oppdragsverksemd på den einskilde skule kan difor vera rimeleg. Dette vert indirekte gjennomført med dei nye retningslinene.

Samla meiner fylkesrådmannen at innføringa av retningsliner vil vera eit naudsynt grep i høve til å hindra vidare fondsoppbygging. Det kan også vera eit incentiv til ei betre økonomistyring. I tillegg kan opplæringssektoren ha nytte av eventuelle ekstramidlar som vert inndregne. Desse kan rettast mot naudsynte tiltak og/eller driftsmål som ikkje vert oppnådd; til dømes til å oppgradera utdatert utstyr eller materiell, til tiltak som skal redusera fråfall, eller til å dekkje kostnader ved eventuelt overtal i sektoren.

Framlegg til nye retningsliner

Fylkesrådmannen ser det som tenleg at det vert innført retningsliner som tilseier at ein einskild skule ikkje kan ha disposisjonsfond som overstig 5% av skulen sitt reviderte årsbudsjett. 5 % av revidert årsbudsjett vert også grensa for avsetjing til disponible fond. Under er eit døme på skule med 90 mill. i årsbudsjett og overskot på 5 mill. i 2013.

Døme:

Årsresultat 2013/ Overskot.	5,0 mill.
Årsbudsjett, rev.	90,0 mill.
Maksimalt disp.fond avsetjing, 5% av årsbudsjett.	4,5 mill.
Skulen sitt disp.fond pr 2012.	1,0 mill.
Overføring til skulen sitt frie fond.	3,5 mill.
Overføring til opplæringssektoren sitt fond.	1,5 mill.

I dømet over kjem skulen ut med maksimalt disponibelt fond på 4,5 mill. pr. 31.12.2013 - 5% av revidert årsbudsjett på 90 mill. Sidan skulen hadde 1 million i fondsbeholdning pr 31.12.2012 vert 3,5 mill. av overskotet i 2013 overført til disponibelt fond. Dei resterande 1,5 mill. av overskotet på 5 mill. vert overført til eit samlefond for Opplæringssektoren. Etter kvart årsoppgjer vil fylkesrådmannen fremja ei politisk sak der det vert gjort greie for omfanget på dette samlefondet og eit framlegg til korleis fondet skal disponerast.

Bruk av eventuelle midlar overført til samlefondet

Dei disponible midlane som vert overført til samlefondet, kan til dømes brukast på investeringar i utstyr og materiell, faglege tiltak og satsingar eller mindre byggmessige endringar som er godkjent av eigedomsseksjonen. Alle skulane kan søkja om å få prosjekt eller investeringar med i saksframlegget; både

dersom skulane har fått inndregne midlar eller ei. Dersom søknader vert godkjent av opplæringsavdelinga og dei vert prioritert, kan dei koma med i sak for samlefondet som vert fremja politisk kvar vår. Det er viktig å understreka at midlane i samlefondet er sektoren sine midlar, og at inndregne midlar vert haldne avskilt frå skulane sine egne disposisjonsfond.

Unnatak frå 5%- regelen

Små skular med låge driftsbudsjett vil trenge eit unnatak frå 5 %-regelen; viss ikkje vil den maksimale grensa for disponibelt fond verta for lågt. Ei ombygging eller eit innkjøp har same kostnad anten det er på ein liten eller ein stor skule, og det vert difor gjort framlegg om eit tillegg til 5 %-regelen. Dette aukar maksimalfondet for dei små skulane. Unnataket vert at skular med lågt driftsbudsjett kan setta av 0,75 promille av totalt revidert årsbudsjett for alle skulane. For 2013 var totalt revidert årsbudsjett for alle skulane på 2,273 mrd. 0,75 promille av dette er lik 1,7 mill. kroner. Denne grensa gjer at skular med lågare enn 35 mill. i revidert årsbudsjett vil ha ei grense for avsetjing og for disponibelt fond på 1,7 mill. Dette gjeld for om lag 20 skular i 2013. Beløpsgrensene vil sjølvstendig endre seg frå år til år i og med at skulebudsjetta endrar seg frå år til år. Skular med meir enn 35 millionar i revidert årsbudsjett vil ha ei høgare grense og vil såleis følge 5 %-regelen. Under er eit døme på skule med 15 millionar i revidert årleg budsjett, og der unnataksregelen gjer at skulen likevel kan ha eit betydeleg disponibelt fond.

Døme:

	Rev. Årsbudsjett	5 % - grense	Totalt rev. Årsbudsjett vgs	0,75‰ - grense
Totalt	15 mill.	0,75 mill.	2 273 mill.	1,7 mill

Med 15 mill. i revidert årsbudsjett vil skulen berre kunne setje av og ha eit maksimalt fond på kr 750 000. Dette ved bruk av 5%-regelen. Med bruk av unnataksregelen kan skulen setje av og ha eit maksimalt disponibelt fond på 0,75 promille av totalt revidert årsbudsjett for skulane – 1,7 mill.

Verknad av framlegg til retningslinjer

Pr. 31.12.2013 var det totalt 109,6 mill. på disponible fond for skulane. Det har lenge vore eit fokus på at skulane sine disponible fond har nådd eit særst høgt nivå. I tillegg vart skulane tidleg i 2013 varsla om ei mogleg innstramming i reglane for fondsavsetjing. Likevel var det mange skular som ikkje reduserte fondet sitt i løpet av 2013. Tvert om auka den totale fondsbeholdninga med om lag 7,5 mill. kroner. Dersom ein ser på verknadar av framlegget til retningslinjer dersom desse hadde vorte brukt i årsoppgjeret for 2013, ville avsetjingane sett såleis ut;

Døme:

Totalt disposisjonsfond pr. 2012.	102,1 mill.
Auke frå 2012 til 2013.	7,5 mill.
Totalt disposisjonsfond pr. 2013	109,6 mill.
Maksimalt disposisjonsfond med nye reglar	126,9 mill.
Totalt disposisjonsfond pr. 2013	65,7 mill.
Totalt samlefond pr. 2013	43,9 mill.

Øvste del av tabellen syner korleis totalt fond for skulane enda opp i 2013 etter gjeldane ordning der det ikkje er reglar eller grenser for avsetjing til frie fond.

Dersom ein hadde nytta føreslegne grenser der skulen maksimalt kan ha 5 % av årsbudsjettet som disponibelt fond, eventuelt 0,75 ‰ av totalt budsjett for alle skulane, syner nedste del av tabellen ei maksimal grense for disponibelt fond for alle skulane. I 2013 ville denne grensa vore på 126,9 mill. Dette

hadde slått inn dersom alle skulane hadde fond og desse var maksimale. I 2013 ville 20 skular hatt fondsbeholdning over sine grenser, og overskytande midlar på 43,9 mill. ville vorte overført til samlefondet til opplæringssektoren. Deretter ville framlegg til disponering av desse 43,9 mill. vorte fremja i eit politisk saksframlegg våren 2014. Det fyrste året retningslinene vert brukt, vil inndregne midlar og samlefondet kunne verta betydeleg. Dette kjem av at inndregne midlar vil vera akkumulert over fleire år. Dei neste åra retningslinene er i bruk vil samlefondet berre bestå av midlar frå eitt budsjettår og vil difor vera av langt mindre storleik.

Dersom ein hadde brukt dei nye retningslinene i 2013 ville likevel skulane hatt 65,7 mill. i frie fond pr. 31.12.2013.

Prosess i forkant av endring

Ved rekneskapsslutt for 2012 vart det klart at fondsbeholdninga til skulane hadde auka med 19 millionar til over 100 millionar. Dette trass i at skulane hadde meldt om at fondsbeholdninga ville gå ned i løpet av 2012. Det same skjedde i 2013; fondsbeholdninga til skulane auka. Våren 2013 vart det i økonomibrev til skulane varsla om at det ville koma eit framlegg til retningsliner for fondsavsetjing.

På økonomiseminaret til skulane i byrjinga av november 2013 vart framlegg til retningsliner presentert. Skulane vart bedne om å koma med innspel til dette førebels framlegget. Frist for å koma med tilbakemeldingar vart sett til 24.01.2014. I regionmøta for rektorane har framlegget vorte handsama. Det har ikkje kome motførestellingar til føreslegne retningsliner, og alt i alt har skulane motteke framlegget positivt.

Oppsummering

Fylkesrådmannen meiner at framlegget til retningsliner er balansert. Det er trong for å innføra retningsliner som avgrensar ei vidare fondsoppbygging. Samstundes er grensa for totalt disponibelt fond relativt høg – 126,9 mill. (2013). Eit samlefond for midlar som overstig grensene for fondsavsetjing, vil nokre år verta monaleg. Eit viktig moment er at det er lagt opp til at desse midlane bør tilkoma sektoren. Fylkesrådmannen er også oppteken av å behalda incentiva som ligg i skulane sin moglegheit for å behalde eigne overskot, og vidare incentiva til å drive med oppdragsverksemd. Difor er grensene sett på ein slik måte at skulane framleis kan ha betydelege midlar på fond.

PS 24/14 Ymse